



DET KONGELIGE
FISKERIDEPARTEMENT

St.meld. nr. 44

(1999-2000)

Om dei fiskeriavtalene Noreg har
inngått med andre land for 2000 og
fisket etter avtalene i 1998 og 1999

*Tilråding frå Fiskeridepartementet av 16. juni 2000, godkjend
i statsråd same dagen.*

1 Innleiing

Fiskeridepartementet legg med dette fram ei melding til Stortinget om dei fiskeriavtalene som Noreg inngår med andre land. Det er ein føresetnad at ei slik melding skal fremjast årleg. Meldinga blei første gongen lagt fram i 1995. Fiskeridepartementet la derfor vekt på å gi ei omtale av det rammeverket som blei inngått i tilknytning til utvidinga av den norske økonomiske sona på syttitalet, og som ligg til grunn for dei årlege kvoteforhandlingane Noreg fører med andre land, det vil seie dei ulike rammeavtalene. Desse avtalene er ikkje særskilt omtalte i denne meldinga. Ein viser i den samanheng til St meld nr 49 (1994-95) Om dei årlege fiskeriavtalene Noreg inngår med andre land.

I denne meldinga blir det gitt ei omtale av kvoteavtalene for 2000 og norsk deltaking i arbeidet i fleirsidige fiskeriorganisasjonar. Det blir gjort greie for dei kontrolltiltaka som er sette i verk i Noregs økonomiske sone (NØS) for å kontrollere norsk og utanlandsk fiske på dei tildelte kvotane og for nokre tiltak som er iverksett mot fiske i strid med etablerte forvaltningsregimer. Meldinga viser også utnyttinga av kvotar av norske og utanlandske fiskarar i 1998 og 1999, og om kva slags fartøygrupper som fiskar på dei kvotane Noreg har i andre land sine soner.

2 Samandrag

Totalkvoten for torsk i Barentshavet er redusert frå 480.000 tonn i 1999 til 390.000 tonn i 2000, grunna utviklinga i den norsk arktiske torskebestanden. Også totalkvoten for hyse blei redusert i 2000. Bestandssituasjonen for blåkveite førte til at det heller ikkje i 2000 blei opna opp for eit direkte fiske etter blåkveite. Loddebestanden er i følgje Det internasjonale havforskningsrådet innanfor trygge biologiske grenser, og det er sett ein kvote på 435.000 tonn lodde i Barentshavet i 2000. Den norske kvoten er på 261.000 tonn. Leveransane av konsumlodde er avgrensa til 50.000 tonn. Leveransar av samfengt lodde, som i hovudsak er retta mot konsum i Russland, er ikkje medrekna i dette konsumkvantumet. Av omsyn til bestandssituasjonen for uer er det også i 2000 sett forbod mot eit direkte fiske etter uer i områda nord for 70° N. Eit avgrensa russisk uerfiske er unntatt frå forbodet, som ledd i den vitskaplege kartlegginga av uerbestandane. Det er også for 2000 forbod mot eit kommersielt fiske etter kongekrabbe.

Ei høgt prioritert oppgåve i samarbeidet om forvaltnings- og kontrollspørsmål mellom Noreg og Russland, er eit pilotprosjekt om satellittsporing. På grunnlag av erfaringane frå dette prosjektet skal det leggjast fram ein plan for innføring av satellittsporing av russiske og norske fartøy under fiske i dei to partane sine økonomiske soner. Ei anna sentral oppgåve omfattar forslag om harmonisering av reglane om mellom anna maskevidde, minstemål og innblanding av fisk under minstemålet i torskefisket.

Noreg og EU blei i 1997 samde om å setje i verk eit nytt silderegime i Nordsjøen med verknad frå 1. januar 1998. Dette løyste eit av dei tyngste problemkompleksa i fiskerisamarbeidet mellom Noreg og EU. Etter avtala har Noreg ein andel på 29 % mens EU har ein andel på 71 % av totalkvoten for sild, som i 2000 er sett til 265.000 tonn. Dette er ei vidareføring av totalkvoten frå 1999. Det nye sildearrangementet inneheld forvaltningsmålsettingar og tiltaksgrenser som grunnlag for kvotefastsetting. Som ein konsekvens av det nye silderegimet er det også i 2000 sett sterke avgrensingar i uttaket av ungsild.

For å betre situasjonen for konsumfellesbestandane i Nordsjøen har Noreg og EU for 2000 vedtatt langsiktige forvaltningsstrategiar basert på føre var prinsippet for sei, torsk, hyse og raudspette. Ei arbeidsgruppe skal innan dei regulære forhandlingane om kvotar i år 2001, kome med forslag om ein langtidsstrategi for kviting.

Totalkvotane for torsk, hyse, sei og kviting blei i tråd med anbefalinga frå havforskarane redusert vesentleg i 2000 samanlikna med i 1999.

Det blei i 1999 inngått bilaterale kontrollavtaler med Storbritannia og Frankrike. Noreg og EU har vedtatt å innføre gjensidig satellittsporing av fiskerifartøy som fiskar i partane sine soner frå 1. januar 2000. Ei avtale ble inngått mellom Noreg og EU i januar 2000 for å sikre den praktiske gjennomføringa av satellittsporinga.

Færøyane er no akseptert som kyststat til makrellen av Noreg og EU. Det er inngått ei avtale mellom dei tre kyststatane om forvaltninga av makrellen i 2000. Denne avtala inneber at det er sett ein såkalla referanse-TAC i 2000 på

560.000 tonn makrell. I trepartsforhandlingane blei partane samde om ein kvote til Færøyane. Fordelinga mellom Noreg og EU er framleis gjenstand for bilaterale forhandlingar mellom Noreg og EU.

Det vil i 2000 foregå eit gjensidig fiske av fartøy frå Noreg og Island, i tråd med den trilaterale avtala av 15. mai 1999 mellom Noreg, Island og Russland.

EU, Færøyane, Island, Noreg og Russland har sett ein totalkvote for norsk vårgytande sild i 2000 på 1.252.000 tonn. Innanfor denne kvoten er fisket for dei fem landa avgrensa til 1.250.000 tonn. Den norske kvoten er på 712.500 tonn. I samband med avtala er det inngått bilaterale avtaler med dei andre partane om gjensidig løyve til å fiske i dei ulike økonomiske sonene. På møtet i Torshavn var partane vidare samde om ein ny forvaltningsstrategi for norsk vårgytande sild frå og med 2001. Denne er basert på føre var prinsippet og tar sikte på å hindre eit nytt samanbrot i sildebestanden.

NEAFC har sett ein kvote på 102.000 tonn norsk vårgytande sild (nvg-sild) for områda utanfor nasjonal jurisdiksjon. Kvoten er ein del av det totale uttaket av norsk vårgytande sild på 1.252.000 tonn som er fastsett for 2000. Det er sett ein totalkvote for kolmule på 650.000 tonn i 2000. Kvoten er ikkje fordelt mellom medlemslanda i NEAFC. Ein arbeidsgruppe i NEAFC starta i 1999 arbeid om den framtidige reguleringa av kolmulebestanden. Drøftinga av forvaltninga av kolmulebestanden foregår nå i fempartsforhandlingar mellom kyststatane Grønland, Island, Færøyane, EU og Noreg. Uerkvoten i Irmingerhavet blei sett til 120.000 tonn. Noreg sin uerkvote er på 4.586 tonn. NEAFC har vedtatt ein totalkvote i internasjonalt farvatn i Norskehavet («Smotthavet») på 50.000 tonn makrell. Denne makrellkvoten er fastsett i samsvar med dei reguleringane dei tre kyststatane Noreg, Færøyane og EU er samde om i 2000. Russlands makrellkvote skal reduserast fram til og med 2001. Dei russiske kvotekutta skal gradvis overførast til den kvoten Noreg, EU og Færøyane samla disponerer i internasjonalt farvatn.

Noreg har vore representert i ulike møte i fleirnasjonale organisasjonar som CCAMLR, ICCAT og SEAFO, jamfør omtale nedanfor.

Rekefisket frå land som tradisjonelt har fiska reker i fiskevernsona ved Svalbard er regulert med fiskedøgn og tal på fartøy. Dei landa som kan fiske reker i fiskevernsona er Canada, Estland, Litauen, Færøyane, Grønland, Island, EU, Noreg og Russland.

Dei norske fartøya har nytta kvotane på fellesbestandane torsk og hyse nord om 62° N godt i 1998, desse kvotane blei også nytta fullt ut i 1999. I tillegg til Noreg sine ordinære kvotar på torsk og hyse nord om 62° N, har norske reiarlag kjøpt kvotar på desse artane frå Russland både i 1998 og 1999.

I Nordsjøen blei dei norske kvotane på fellesbestandane makrell og sild oppfiska i 1998 og 1999. Seikvoten blei også godt utnytta begge åra, mens kvotane på dei andre konsumfellesbestandane ikkje blei utnytta i same høge grad.

Den norske kolmuleflåten fiska svært mykje kolmule i internasjonalt område både i 1998 og i 1999. Tilsaman blei det i 1998 fiska 240.000 tonn kolmule i internasjonalt område, eit kvantum langt utover det som har vore vanleg i tidlegare år. I 1999 rapporterte norske fartøy inn 217.000 tonn kolmule frå internasjonalt område. I 1998 utnytta norske fartøy kolmulekvotane i EU-sona og Færøy-sona fullt ut, mens dei i 1999 tok 213.000 tonn av ein norsk kvote på 235.000 tonn kolmule i EU-sona og heile kvoten på 39.000 tonn i Færøy-sona.

Norske fartøy fiskar tradisjonelt kolmule i færøysk sone mot slutten av kolmul-
esesongen.

Norske linefartøy utnytta omlag 62 % av botnfiskkvotane av lange og
brosme i EU sine farvatn i 1998, mens utnyttingsgraden var omlag 67 % i 1999.

I færøyske farvatn har norske fartøy fiska mest lange og brosmen innanfor
botnfiskkvoten. Utnyttingsgraden var høg både i 1998 og i 1999.

Noreg har kvotar ved Grønland etter dei årlege kvoteavtalene med Grøn-
land og dei bilaterale avtalene mellom Noreg og EU. For norske fiskarar er
kvotane på blåkveite, kveite og reker av stor verd. Kvotane av blåkveite og
kveite blir godt utnytta. Rekekvotane blei ikkje fullt utnytta korkje i 1998 eller
1999.

I sesongane 1998/99 og 1999/00 har dei norske fartøyane ikkje fiska heile
den norske loddekvoten i områda ved Grønland, Island og Jan Mayen.

Det norske fisket i Skagerrak var i hovudsak konsentrert om reker og sild
i 1998 og 1999.

Sidan våren 1993 har norske fartøy fiska reker i NAFO-området på reke-
feltet ved Flemish Cap. Rekefisket ved Flemish Cap har historisk ikkje vore
kvoteregulert, men med verknad frå 1996 blei det inngått ei internasjonal
avtale om å regulere talet på fartøy som kan delta i fisket og det samla talet på
døgn som fartøya kan fiske. Den norske deltakinga i 1998 og 1999 er monaleg
reduisert i høve til 1996. Rekefisket ved Flemish Cap er likevel eit viktig poten-
sielt driftsalternativ for rekeflåten, særleg er dette tilfelle for Grønlandsreke-
flåten.

I tillegg til fisket innanfor kvoteavtaler med andre land, har norske fartøy
sidan 1990 fiska uer i internasjonalt område i Irmingerhavet. Dette fisket
nådde ein topp i 1992 og 1993 med omlag 14.600 tonn begge åra, men er sidan
reduisert til i overkant av 750 tonn i 1998. I 1999 auka fangstane igjen til omlag
3.000 tonn. Med verknad frå 1996 blei det inngått ei internasjonal multilateral
avtale for fiske i området og Noreg blei etter denne avtala tildelt ein kvote på
6.000 tonn både i 1998 og 1999.

Av dei fem avtalepartnarane var det berre Noreg som fiska heile kvoten sin
av norsk vårgytande sild i 1998 og 1999. Fangsten fordelt på soner viser at
norsk økonomisk sone er området med desidert størst fangst både i 1998 og
1999.

Når det gjeld utanlandsk utnytting av kvotar er det eit generelt trekk at
kvotane av torsk, hyse og sei nord om 62° N er godt utnytta av dei landa som
har kvoterettar i området. Unntaket er Island som i sin første sesong etter
«Smotthol»-avtalen tredde i kraft, berre fiska 1.931 tonn torsk av ein kvote på
4.450 tonn.

Hovudtyngda av EU sitt fiske i Nordsjøen og i Skagerrak skjer på konsum-
fiskartar, sild, makrell og industrifisk som tobis, augepål, kolmule, hestma-
krell og brisling. EU si utnytting av makrellkvoten i norsk sone av Nordsjøen
i 1998 og 1999 var god. EU har dessutan nytta kvotane godt av torsk, hyse og
sei i norsk område av Nordsjøen. Utnyttinga av dei fastsette kvotane i Skager-
rak var også gjennomgåande høg for EU (Sverige og Danmark).

I motsetnad til dei siste føregåande åra blei Færøyane sin seikvote i Nord-
sjøen omlag nytta fullt ut i 1998. I 1999 fiska Færøyane omlag 2/3 av seikvoten

sin. I høve til kvotane sine har Færøyane fiska mykje sild og makrell i Nordsjøen i 1998 og 1999.

Grønland har sidan inngåinga av kvoteavtala i 1991 vore lite aktiv i fiske på konsumartar i Nordsjøen. Det er ikkje registrert grønlandsk fiske korkje i 1998 eller 1999.

I hovudsak utnyttar Sverige godt dei svenske bilaterale torske-, sei-, makrell-, silde- og rekekvotane sine i norsk sone av Nordsjøen. Sverige utnytta industrifiskkvotane fullt ut i 1998 og 1999.

Polen har tradisjonelt nytta seikvoten sin godt.

3 Innleiing

Utvidinga av nasjonal fiskerijurisdiksjon til 200 nautiske mil på slutten av syttitalet, førte til ein overgang frå fleirsidige forhandlingar innan ramma av NEAFC (Northeast Atlantic Fisheries Commission/Kommisjonen for fiske i Det nordaustlege Atlanterhavet) til tosidige forhandlingar mellom dei kyststatane som saman har suverene rettar til fiskebestandane. Dette inneber at såkalla tredjeland som ikkje har kyststatsrettar i det aktuelle området, ikkje tek del i avgjerder om forvaltninga av bestandane, slik dei gjorde tidlegare.

Ved Regjeringa si erklæring av 26. september 1974 blei hovudlinene i fiskeripolitikken dregne opp. Ved opprettinga av økonomiske soner i tråd med det nye havrettsregimet, ønskte Regjeringa å medverke til at nyordningane i fiskeria i verda ikkje skulle verke forstyrrande på forholdet til andre land. Den norske fiskeripolitikken skulle gjennomførast i kontakt og forhandlingar med dei landa som blei berørte av dei norske utvidingstiltaka. Regjeringa freista såleis å kome fram til ordningar med desse landa, som bygde på byterelasjonar, nedtrapping av fiske over tid eller som tok omsyn til særlege interesser og vilkår.

Ein omfattande andel av norsk fiske (målt i vekt) skjer på bestandar som vi deler med andre land. Dette var bakgrunnen for at Regjeringa forhandla fram rammeavtaler som både gav fiskekvotar til dei landa som utvidinga til 200 n. mils økonomisk sone fekk verknad for frå 1. januar 1977, og som tok vare på tradisjonelle norske fiskeinteresser i dei økonomiske sonene til andre land.

Etter FN's havrettskonvensjon av 10. desember 1982, har kyststatane suverene rettar til å utnytte ressursane i havet innanfor dei økonomiske sonene. Dei kyststatane som deler ein eller fleire fiskebestandar skal samarbeide om regulering og vern av bestandane. Kyststatane har ei plikt til å fremje ei forsvarleg ressursforvaltning som samstundes skal ta omsyn til dei økonomiske behova til kystbefolkninga. Norske styresmakter legg vekt på dette når den norske fiskeripolitikken blir utforma. I tråd med dette fører Noreg årleg to- og fleirsidige forhandlingar med ei rekkje land om forvaltning og vern av fiskebestandar, om gjensidig fangstløyve- og fiskekvotar, og om einsidig løyve for nokre land sine fiskarar til å fiske i dei norske 200-mils sonene. FN-avtala om fiske på det opne hav forpliktar også til samarbeid om forsvarleg forvaltning av vandrane og langt migrerande bestandar. Noreg har derfor i aukande grad og på ulikt sett tatt del i samarbeidet i ulike relevante internasjonale organisasjonar.

Noreg har inngått ulike typar fiskeriatvaler (rammeavtaler) som opnar for utanlandsk fiske i norske havområde, jamfør St meld nr 49 (1994-95). Det er inngått avtaler om gjensidige fangstrettar med Russland, EU, Færøyaner, Grønland og Island. Målet med desse avtalene er å opprette ein rimeleg balanse i det gjensidige fisket mellom avtalepartane. Sidan det er nødvendig med felles innsats for å sikre ei effektiv forvaltning av fiskeartar som vandrar over sonegrensene, inneheld fiskeriatvalene med EU og Russland også reglar om samarbeid om forvaltninga av dei felles bestandane i Nordsjøen og Barentshavet.

Noreg inngjekk i 1966 ei trepartsavtale med Danmark og Sverige om reguleringane i Skagerrak og det nordlege Kattegat. Etter at Sverige blei medlem av EU frå og med 1996, er denne avtala gjenstand for bilaterale forhandlingar mellom Noreg og EU. Det er inngått ei trepartsavtale med Island og Grønland/Danmark om loddefisket i områda mellom Island, Grønland og Jan Mayen, og ei trepartsavtale mellom Noreg, Russland og Island om gjensidig fiske. Noreg og Island har i henhald til trepartsavtala med Russland, forhandla fram ein bilateral protokoll om gjensidige fiskerettar.

Noreg har inngått avtaler med Sverige og Finland, som opnar opp for eit einsidig fiske i Noregs økonomiske sone (nabolandsavtaler). Finsk sildefiske opphøyrde då Noreg oppretta 200 mils økonomisk sone. Avtala har etter den tid ikkje hatt noko praktisk verd fordi ho ikkje har hatt noko innhald i form av kvotar. Avtala med Sverige blir etter 1996 framforhandla bilateralt mellom Noreg og EU.

Det er inngått ei avtale som gir Polen einsidig høve til å fiske i norske soner. Då avtala blei inngått var det ein føresetnad at kvotane skulle reduserast over ein viss periode fram til utgangen av 1980. Deretter kan norske styresmakter tildele kvotar til Polen på såkalla overskotsbestandar. Liknande avtaler blei også inngått med Portugal og Spania og med tidlegare DDR. DDR-avtala var verksam fram til staten blei innlemma i Forbundsrepublikken Tyskland i 1990. Avtalene med Portugal og Spania galdt fram til 1986, då desse landa blei medlemmer i EU.

Det er inngått ei avtale med Canada, som opnar for norsk fiske på overskotsbestandar i den kanadiske økonomiske sona. Avtala har ikkje noko praktisk verd for norske fiskarar fordi det ikkje har vore noko overskot å dele ut kvotar på.

Noreg og Canada underteikna 30. juni 1995 ei avtale om bevaring og handheving på fiskeriområdet, jamfør Ot prp nr 3 (1995-96).

Stortinget ga 11. juni 1996 samtykke til ratifikasjon av FNs havrettskonvensjon av 10. desember 1982 og FN-konvensjonen av 4. desember 1995 om fiske på det opne hav, som supplerer FNs havrettskonvensjon av 10. desember 1982.

Noreg er medlem av den regionale fiskeriorganisasjonen NAFO (Northwest Atlantic Fisheries Organization/Den nordvest-atlantiske fiskerikommisjonen), som fastset kvotar i internasjonalt område utanfor den kanadiske økonomiske sona og i NEAFC, som set kvotar for uer (oceanisk type) i Irmingerhavet, norsk vårgytande sild og makrell i konvensjonsområdet utanfor kyststatane sine jurisdiksjonsområde og for kolmule.

Noreg er medlem i IWC (The International Whaling Commission/Den internasjonale kvalfangstkommisjonen), som skal verne kvalbestandar mot overbeskatning og sørge for ei ordna utvikling av kvalfangstnæringa. Vidare er Noreg saman med Færøyane, Grønland og Island medlem av NAMMCO (The North Atlantic Marine Mammal Commission/Den nordatlantiske sjøpattedyrkommisjonen), som blei oppretta i 1992. Kommisjonen treff beslutningar om sjøpattedyrbestandar i det nordatlantiske området med særskild fokus på forvaltninga av småkval og sel.

Noreg er medlem av CCAMLR (Convention for the Conservation of Antarctic Marine Living Resources/Konvensjonen for bevaring av levende marine ressurser i Antarktis), som regulerer fisket i omlag heile Sørishavet.

Noreg har dei to siste åra vore observatør på årsmøta i ICCAT (International Commission for the Conservation of Atlantic Tunas/Kommisjonen for forvaltning av atlantisk tunfisk). ICCATs primære funksjon er bevaring og forvaltning av tunfisk og tunfiskliknande artar i Atlanteren og Middelhavet.

Noreg deltar i møte for å etablere ein regional fiskeriforvaltningsorganisasjon for det sørlege Atlanterhav. SEAFO (South East Atlantic Fisheries Organization/Den søraust-atlantiske fiskeriorganisasjonen) skal ha ansvaret for forvaltning av fiskeressursane i området, både dei såkalla vandrande- og stasjonære bestandane.

3.1 Oppretting av dei økonomiske sonene

Ved kgl. res. av 17. desember 1976 blei Noregs økonomiske sone på 200 nautiske mil oppretta med verknad frå 1. januar 1977. Den økonomiske sona omfattar inntil vidare havområda som ligg opp til det norske fastlandet.

Vidare blei det ved kgl.res. av 3. juni 1977 oppretta ei fiskevernsone på 200 nautiske mil rundt Svalbard med verknad frå 15. juni 1977. Ved kgl.res. av 23. mai 1980 blei ei fiskerisone på 200 nautiske mil rundt Jan Mayen oppretta med verknad frå 29. mai 1980.

Figur 2.1 viser dei ulike sonene under norsk jurisdiksjon og dei internasjonale havområda «Smottholet» i Barentshavet og «Smotthavet» i Norskehavet.



Figur 3.1 Soner

3.2 Regulering av utlandsk fiske i norske jurisdiksjonsområde

Det er eit generelt forbod mot fiske i Noregs økonomiske sone og i fiskerisona rundt Jan Mayen for fiskarar som ikkje er norske statsborgarar. Regjeringa kan likevel fastsetje forskrifter som opnar for eit regulert og avgrensa utlandsk fiske i samsvar med dei fiskeriavtalene som er inngått med andre land.

I forskrift av 13. mai 1977 om utlendingers fiske og fangst i Norges økonomiske sone, er det fastsett detaljerte reglar for utøvinga av fiske. Det er krav om lisens for utlandske fartøy som skal fiske i norsk sone, for å sikre at fangsttinnssatsen er i samsvar med dei tildelte kvotane og for å gjere ein effektiv kontroll mogleg. Utlandske fartøy skal sende fangstrapportar til norske styresmakter kvar veke.

I forskrift av 23. desember 1980 om utlendingers fiske og fangst i fiskerisonen ved Jan Mayen, er det fastsett detaljerte reglar for utlandsk fiske i fiskerisona rundt Jan Mayen. Dette regelverket er i hovudsak samanfallande med reglane for utlandsk fiske i Noregs økonomiske sone.

Forskrifter for fiskevernsona ved Svalbard er sette i verk på ikkje-diskriminerande grunnlag overfor både norske og utanlandske fartøy. Det er fastsett forskrifter for rapportering av fangstar, bruk av reiskap, reglar om minstemål og område med forbod mot fangst for å verne om ungfisken. Frå 1986 er det fastsett årlege kvotereguleringar i fiskevernsona for fiske etter norsk arktisk torsk. Frå og med 1995 har det av omsyn til bestandssituasjonen, vore fastsett forbod mot fiske etter blåkveite, sild, lodde og uer (frå 1997). I forskrifter av 19. juli 1996 blei rekefisket ved Svalbard regulert med innsatsbegrensningar. Etter forskriftene kan berre nasjonar som har drive eit tradisjonelt fiske etter reker ved Svalbard, delta i dette fisket med eit avgrensa antal fartøy (Canada, Estland, Litauen, Færøyane, Grønland, Island, EU, Noreg, Russland). For å motverke at rekefisket ekspanderer, blei rekefisket frå 1997 for dei aktuelle landa, også regulert med fiskedøgn.

4 Dei ulike fiskeriavtalene for 2000


I tråd med det avtaleverket som det er gjort greie for i St meld nr 49 (1994-95) og i tråd med seinare inngåtte rammeavtaler (fempartsavtala om norsk vårgytande sild og «Smottholsavtala»), fører norske styresmakter kvart år forhandlingar med andre land. Dei viktigaste forhandlingane for 2000 er førte med Russland, EU, Færøyane, Grønland og Island. Det er også ført forhandlingar med EU, på vegner av Danmark og Sverige, om reguleringstiltaka i Skagerrak og Kattegat. I tillegg har Noreg ført forhandlingar med Polen og EU (på vegner av Sverige), og trepartsdrøftingar med Island og Grønland om regulering av lodda i området mellom Island, Grønland og Jan Mayen. Noreg har også deltatt i dei årlege møta i dei regionale fiskeriorganisasjonane NAFO og NEAFC. Noreg har deltatt i IWCs årsmøte.

Som medlem i CCAMLR er Noreg representert på organisasjonen sine møter. Noreg tek også del i det internasjonale fiskerisamarbeidet innan organisasjonane ICCAT og SEAFO.

4.1 Det førebuande arbeidet

Noreg er medlem i Det internasjonale havforskningsrådet, ICES (International Council for the Exploration of the Sea). ICES er ein ubunden, vitskapleg organisasjon som gir regionale fiskeri- og miljøorganisasjonar, EU og nasjonalstatane langsmed Nord-Atlanteren råd om forvaltninga av det marine miljøet og dei marine ressursane. ICES har ein rådgjevande komité for fiskeriforvaltning, ACFM (Advisory Committee on Fisheries Management). ACFM hentar inn vitskapleg bakgrunnsmateriale frå medlemslanda og gir årleg råd om fangstmengd for dei viktigaste fiskeslaga i Nordaust-Atlanteren. Dei årlege forhandlingane Noreg fører med andre land er baserte på rådgjevinga frå ICES.

Figur 3.1 viser dei ulike statistikkområda som ICES nyttar i si rådgjeving.



Figur 4.1 ICES - fiskeristatistiske områder

Fiskeridepartementet utnemner forhandlingsdelegasjonar med representantar frå Fiskeridepartementet, Fiskeridirektoratet, Havforskningsinstituttet, Utanriksdepartementet, Norges Fiskarlag, Norsk Sjømannsforbund og Fiskerinæringens Landsforening.

Før dei årlege forhandlingane med andre land om forvaltningsspørsmål startar, held Fiskeridepartementet konsultasjonar med dei berørte institusjonane og organisasjonane i næringa. På desse møta blir det gjort greie for tilrådingane frå ICES, og opplegget for forhandlingane med dei enkelte landa blir drøfta. Her blir grunnlaget lagt for kva som skal vere instruksjonen for forhandlingsdelegasjonen. Denne instruksjonen blir endeleg klarert av fiskeriministeren. Der-som særlege omsyn talar for det, rådfører fiskeriministeren seg med resten av Regjeringa.

4.2 Kvoteavtalene for 2000

Avtaler om gjensidige fangstkvotar

Noreg - Russland

Dei viktigaste fiskebestandane i Barentshavet har eit utbreiingsområde som dekkjer norsk og russisk sone og fiskevernsona rundt Svalbard. År om anna er det mogleg å fiske torsk også i internasjonalt farvatn.

I regi av Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen fører Noreg og Russland årleg kvoteforhandlingar om totalkvotar for fellesbestandane i Barentshavet (norsk arktisk torsk, norsk arktisk hyse og lodde). Partane avtaler også fordelinga av kvotane mellom Noreg, Russland og tredjeland. Det er semje mellom partane om ei fast prosentvis fordeling av fellesbestandane. Etter avsetjing til tredjeland, blir kvotane for norsk arktisk torsk og norsk arktisk hyse fordelte med 50 % til kvar av partane. Tredjelandskvoten av norsk arktisk torsk og hyse blir fordelt med 60 % til Noregs økonomiske sone og 40 % til Russlands økonomiske sone (RØS). Avtala opnar for at partane kan fiske delar av sine kvotar på desse bestandane i den andre parten si sone. Loddebestanden er fordelt med 60 % til Noreg og 40 % til Russland. Avtala inneber også kvotebyte på eksklusive, nasjonale fiskebestandar.

Kvoteavtala mellom Noreg og Russland blei underskriven i Murmansk 19. november 1999, jamfør vedlegg 1: protokoll frå den 28. sesjon i Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen.

For 2000 har Noreg og Russland fastsett ein TAC for norsk arktisk torsk på 390.000 tonn, medrekna 40.000 tonn murmansktorsk. I tillegg kjem 40.000 tonn norsk kysttorsk. Dette er ein reduksjon samanlikna med 1999, då totalkvoten var på 480.000 tonn. Det er avsett ein kvote til tredjeland på 55.200 tonn. Av dette kan 15.600 tonn fiskast i fiskevernsona ved Svalbard. Resten av kvoten til tredjeland er fordelt med 23.000 tonn til NØS og 16.600 tonn til RØS. Russland har overført 6.000 tonn norsk arktisk torsk til Noreg i 2000. Etter overføringa er den samla norske kvoten for norsk arktisk torsk på 193.400 tonn, medrekna dei 40.000 tonna norsk kysttorsk. Den samla russiske torskekvoten, medrekna 40.000 tonn murmansktorsk, er på 181.400 tonn.

Partane er samde om å be ICES revidere bestandsberekningane for torsk i lys av resultatane frå forskningstokta vinteren og våren 2000.

For norsk arktisk hyse har Noreg og Russland sett ein totalkvote på 62.000 tonn. Dette er ein reduksjon frå 78.000 tonn i 1999. Av denne er det avsett ein kvote til tredjeland på 3.200 tonn, som er delt med 1.920 tonn til NØS og 1.280 tonn til RØS. Russland har overført 4.000 tonn norsk arktisk hyse til Noreg i 2000. Etter overføring er den norske kvoten på 33.400 tonn og den russiske på 25.400 tonn.

For å sikre ei optimal utnytting av torske- og hysebestandane nord for 62° N slik at ein unngår å fiske ungfisk, har Noreg tradisjonelt gitt Russland adgang til å fiske store delar av torske- og hysekvotane sine i Noregs økonomiske sone. Av omsyn til balansen i kvoteavtala er Noreg og Russland for 2000 samde om lik adgang til å fiske torsk og hyse i partane sine soner. I 2000 kan såleis Russland fiske 140.000 tonn torsk og 20.000 tonn hyse av sine kvotar i Noregs økonomiske sone. Noreg har høve til å fiske det same kvantumet torsk og hyse i Russlands økonomiske sone.

Det har ikkje vore fiska lodde i Barentshavet sidan vinteren 1993. I følgje Det internasjonale havforskningsrådet er loddebestanden no innanfor sikre biologiske grenser. Det blei opna opp for eit eksperimentelt fiske av lodde innanfor ein kvote på 80.000 tonn i 1999. For 2000 blei det fastsett ein kvote på 435.000. Den norske andelen er på 261.000 tonn og den russiske på 174.000 tonn. Fiskeridepartementet har for 2000 bestemt at norske leveransar av konsumlodde skal vere avgrensa til 50.000 tonn. Leveransar av samfengt lodde

som i hovudsak er retta mot konsum i Russland, er ikkje medrekna i dette konsumkvantumet.

Når det gjeld russisk fiske på eksklusive norske bestandar i 2000, er Russland tildelt ein kvote på 2.000 tonn snabeluer (*Sebastes mentella*) for eit direkte fiske. Det er forbod mot eit direkte fiske av uer nord om 70° N. Russland har likevel adgang til eit direkte fiske som ledd i ei vitskapleg kartlegging av uerbestanden. Vidare har Russland ein kvote på 1.500 tonn samla av vanleg uer (*Sebastes marinus*) og snabeluer som bifangst, 2.500 tonn sei som bifangst ved fiske av torsk og hyse og 2.000 tonn steinbit for eit direkte fiske og som bifangst. I tillegg kan Russland drive eit prøvefiske avgrensa til 750 tonn reker i fiskerisona ved Jan Mayen og dessutan 50.000 tonn kolmule i same sona og i eit nærmare avgrensa område i Noregs økonomiske sone. Dette er dei same kvotane som for 1999.

I lys av bestandssituasjonen for blåkveite vil Russland vidareføre forbodet mot eit direkte fiske etter blåkveite i si sone i 2000. Med unntak av eit avgrensa tradisjonelt kystfiske med konvensjonell reiskap, vil det også i område under norsk fiskerijurisdiksjon vere forbod mot eit direkte fiske etter blåkveite i 2000.

Når det gjeld norsk fiske på eksklusive russiske bestandar i 2000, har Noreg fått desse kvotane i russisk økonomisk sone: 3.000 tonn reker, 1.500 tonn steinbit, 1.000 tonn flyndre og 500 tonn andre bestandar. I tillegg tillet Russland at Noreg driv eit forsøksfiske etter haneskjell i russisk sone, på vilkår som skal drøftast nærmare. Dette er same kvotar som i 1999.

Russland kan fiske 3.000 tonn bifangst av bestandar som ikkje er kvoteregulerte i Noregs økonomiske sone. Noreg kan fiske kvotane på 1.500 tonn steinbit og 1.000 tonn flyndre i eit direkte fiske og som bifangst. Kvoten på 500 tonn ikkje kvoteregulerte bestandar gjeld bifangst i russisk sone under fiske på kvoteregulerte bestandar.

På slutten av 60-talet sette Russland, på eksperimentelt grunnlag, ut kongekrabbe (*Paralithodes camtchatica*) i Barentshavet. Krabben kjem opphavleg frå Okhotskhavet. Etter utsetjinga har krabbebestanden auka og sidan 1979 har ein funne kongekrabbe også i norske farvatn. På møte i Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen blei det gjort vedtak om å vidareføre forbodet mot kommersielt fiske etter kongekrabbe. Som ledd i det pågåande forskningssamarbeidet på bestanden, kan partane ta 37.500 eksemplar kvar hausten 2000/vinteren 2001. Den framtidige forvaltninga av kongekrabbe, skal drøftast i eit særskilt utvalg under fiskerikommisjonen i samarbeid med forskarane.

Innanfor ramma av fiskerikommisjonen blir det kvart år nedsett ei felles arbeidsgruppe for å drøfte reguleringstiltak for selfangsten. Russland kan fange 2.500 vaksne dyr av grønlandssel og 2.800 vaksne dyr av klappmyss i Vesterisen. Noreg kan ta ein kvote i Austisen på 5.000 grønlandssel. Kvotane er medrekna årsungar.

Innanfor ramma av Den blanda norrsk-russiske fiskerikommisjonen har Noreg og Russland dei seinaste åra gradvis utvida fiskerisamarbeidet til nye område. I 1992 blei partane samde om å innleie eit utvida samarbeid om forvaltnings- og kontrollspørsmål under fiskerikommisjonen. I 1993 blei dei samde om å sette ned eit Permanent utvalg for forvaltnings- og kontrollspør-

mål på fiskerisektoren. Gjennom dette samarbeidet er ei rekkje konkrete tiltak sette i verk for å betre kontrollen med ressursane både på sjø- og landsida. Mellom anna er det etablert rutinar for eit auka samarbeid mellom dei to landa si kystvakt og kontrollmyndigheiter, medrekna utveksling av informasjon om fangst- og landingsdata. Samarbeidet i Det permanente utvalget for forvaltnings- og kontrollspørsmål skal vidareførast i 2000. Blant dei sakene som har høg prioritet er samarbeidet om eit pilotprosjekt om satellittsporing av norske og russiske fiskefartøy. På grunnlag av ei evaluering av resultata frå dette prosjektet, skal Det permanente utvalget kome med ein plan for innføring av satellittsporing av fiskefartøy i dei to landa sine økonomiske soner. Innan det neste regulære møtet i fiskerikommisjonen skal utvalget utarbeide eit forslag til harmoniserte reglar om mellom anna maskevidde, minstemål og innblanding av fisk under minstemålet i torskefisket.

Partane er også samde om at når dei inngår kvoteavtaler med tredjeland, skal desse landa forplikte seg til å avgrense sitt fiske til dei kvotar som er tildelt av kyststatane, utan omsyn til om fisket skjer i eller utanfor Noregs eller Russlands fiskerijurisdiksjonsområde. Det skal også i 2000 gjennomførast ein aktiv kontroll med tredjeland sitt fiske i Barentshavet, slik at fisket blir stansa når dei tildelte kvotane er oppfiska.

Noreg - EU (fisket i Nordsjøen, Barentshavet, vest av Dei britiske øyane og ved Grønland)

Strukturen i avtalene

På grunnlag av rammeavtala med EU om fiskeri, har Noreg frå 1978 og fram til i dag inngått årlege kvoteavtaler om Noregs og EUs fiske i Nordsjøen, Noregs fiske vest av Dei britiske øyane samt EU sitt fiske i Noregs økonomiske sone i Barentshavet. Noreg blir også tildelt kvotar frå EU i grønlandske farvatn. Avtala inneheld føresegner om forvaltning av felles fiskebestandar og gjensidig løyve til å fiske i den andre parten si fiskerisone. Partane har såleis eit felles ansvar om å forvalte fiskeressursane i Nordsjøen, mellom anna ved årleg å fastsette største tillatne fangstmengd for desse bestandane. Det har frå 1979 vore semje mellom Noreg og EU om delinga av totalkvotane for fellesbestandane av torsk, hyse, sei, kviting og raudspette i Nordsjøen. Partane kom i 1997 fram til ei avtale om fast fordeling av totalkvotane for nordsjøisild.

Eit anna element i kvoteavtala er byte av kvotar på dei eksklusive bestandane og på enkelte bestandar i Nordsjøen og vest av Dei britiske øyane. I denne utvekslinga av kvotar skal det vere balanse i dei gjensidige tildelingane. Nivået og omfanget av kvotebyttet er grovt sett ei vidareføring av eit tidlegare fiskemønster hos partane, men nivået avheng også av variasjonar i storleiken på dei ulike bestandane.

Utfordringar i fiskerisamarbeidet

Noreg og EU har i løpet av dei siste tjue åra hatt eit nært samarbeid om ressursforvaltning. Arbeidet har gitt resultat, men det er framleis område der det trengst felles tiltak for å betre fiskeriforvaltninga.

Noreg og EU blei i 1997 samde om ei avtale om forvaltning og fordeling av nordsjøisild. Avtala som blei iverksett 1. januar 1998, løyste eitt av dei tyngste

problemkompleksa i fiskerisamarbeidet med EU. Noreg har etter avtala ein fast andel på 29 % av totalkvoten for sild i Nordsjøen, mens EU har 71 %. Avtala har som siktemål å sikre eit rasjonelt beskatningsmønster og stabile uttak. Ho inneber også forvaltningsmålsettingar og set grensar for fiskedødeligheitsnivå på dei ulike bestandskomponentane, samt det lavaste akseptable nivået på gytebestanden (jamfør anneks V i vedlegg 2). Forskarane i ICES har gjennom offisielle tal vist at det over tid blei fiska store mengder ungsild i Nordsjøen. Det er i det heile særleg uheldig å fiske ungsild fordi denne silda skal rekruttere til den vaksne, fiskbare delen av sildebstanden (gytebestanden). Fisket av ungsild medverkar til å utsette veksten i gytebestanden av nordsjø-sild. Eit særleg viktig element i silderegimet er derfor at ungsildfisket no vil bli redusert og kontrollert.

Noreg er både innanfor ramma av det bilaterale fiskerisamarbeidet og i andre fora som Nordsjøkonferansen i Bergen i mars 1997, i ein prosess med EU i spørsmålet om dei langsiktige tiltaka i forvaltninga av viktige kommersielle fiskebestandar i Nordsjøen. Det har vore ein tidkrevjande prosess - frå ein-sidige norske tilførsar i dei årlege kvoteavtalene om behovet for å endre beskatningsmønsteret i Nordsjøen - til eit meir forpliktande samarbeid for å finne løysingar på problema. Det er innanfor ramma av den bilaterale fiskeriatvala at Noreg og EU kan treffe dei tiltaka som må til for å gjenopprette balansen i Nordsjøen. Samstundes er det viktig ikkje å tape av syne at dei tiltaka som skal gjelde for fellesbestandane i Nordsjøen berre kan få gjennomslag når det er semje om dei mellom Noreg og EU. EU sine reguleringar i småsildfisket som blei iverksett i 1996 og som seinare er førte vidare, må ein kunne ta til inntekt for at det er politisk vilje til endringar i gamle forvaltningsmønster.

I dei meir langsiktige prosessane må ein fokusere på dei ulike fisketeknikkane som blir brukte, på behovet for meir selektiv reiskap og på berekraftige forvaltningsstrategiar. Uttaket av fisk må skje på ein måte som gjer at vi tar opp den store fisken og lar småfisken unnslepe, for å vekse seg større.

I ein rapport som blei utarbeidd i tilknytning til Nordsjøkonferansen i Bergen, blir det peikt på at når det til dømes gjeld torsk, har det ikkje vore store avvik mellom rådgevinga frå havforskarane, dei fastsette kvotane og dei rapporterte landingane. Likevel har den faktiske fiskedødelegheita vore mykje høgare enn forutsett. Årsaka til dette er feilrapporterte eller urapporterte fangstar og landingar og utkast av fisk. Dette tyder på at det også må iverksettast effektive kontrolltiltak slik at regelverket blir følgt og fangstmeldingane blir korrekte. I arbeidet med å betre forvaltninga i Nordsjøen er Noreg og EU samde om at det er viktig at avrekninga av fangstar skal skje med like metodar og etter like kriterier. Dette vil sikre ei rasjonell forvaltning og motverke at det skjer ei konkurransevriding mellom partane. I denne samanhengen vil Noreg og EU vidareføre eit samarbeid om veiing av fangstar, vanntrekk og omrekningsfaktorar.

Utkast av fisk utgjer eit særleg og samansett problem. Utkast skjer ofte i samanheng med at ein tar opp fisk som det ikkje er att kvote på, fisken er under gjeldande minstemål eller han er fiska i strid med gjeldande bifangstreglar. I tillegg blir det ofte fiska meir enn naudsynt, for å kunne velge ut den økonomisk sett mest verdfulle fisken («highgrading»). Resten blir kasta ut, og dette undergrev dei fastsette forvaltningstiltaka. Den fisken som blir kasta ut

inngår ikkje som ein del av fangststatistikken, sjølv om han døyr når han blir kasta ut. Når fisken ikkje blir tatt i land eller registrert som fangst, blir det naturleg nok eit stort avvik mellom registrert fiskedødelegheit og faktisk dødelegheit.

Som kjent praktiserer EU eit utkastpåbod. På ministerkonferansen i Bergen blei det oppnådd prinsipiell semje om at eit utkastforbod er eitt mogleg tiltak i forvaltninga. Eit heilt naudsynt første skritt for å rette på situasjonen i Nordsjøen, er å få betre oversikt over dei mengdene fisk som blir kasta overbord. EU var villig til å gjennomgå dei økologiske og økonomiske verknadene av og fordelane med å innføre eit forbod. Spørsmålet om beskatingsmønster er igjen sett på dagsordenen i den bilaterale avtale for 2000.

På ministerkonferansen var det også semje om behovet for liknande kontrolltiltak som dei Noreg og EU allereie er samde om i den bilaterale kvoteavtale: skjerpa kontroll og overvaking av ressursuttaket i Nordsjøen, utveksling av fangststatistikk og landingsdata, inklusive fiskeaktivitet frå tredjeland, utveksling av observatørar med omsyn til kontroll og overvaking, og satellittovervaking av fiskefartøy. Ei anna viktig målsetting er å harmonisere dei tekniske fiskerireguleringane og kontrollføresegnene. Oppfølginga av desse tiltaka har og vil framleis ha sin naturlege plass i den bilaterale kvoteavtale med EU.

Fiskerisamarbeidet med EU er både omfattande og komplisert og derfor ikkje alltid konfliktaust. Dette gjeld ikkje minst forvaltninga av makrell.

Noreg og EU har dei seinaste åra samarbeidd om å få på plass eit forvaltningsregime for makrell. I denne prosessen har partane også innleidd eit samarbeid om spørsmål av teknisk karakter, og dei har fastsett ein felles forvaltningsstrategi for makrellen. Også Færøyane, som no er akseptert som kyststat til makrellen av Noreg og EU, er blitt trekne med i arbeidet med det nye forvaltningsregimet, og det er på dette grunnlaget inngått ei eiga avtale mellom dei tre kyststatane om forvaltninga av makrellen i 2000. I trepartsforhandlingane blei partane samde om ein kvote til Færøyane av totalkvoten på 560.000 tonn, mens fordelinga mellom Noreg og EU framleis er gjenstand for bilaterale forhandlingar mellom Noreg og EU.

2000-avtale

Etter to forhandlingsrundar underteikna Noreg og EU, i Brussel 2. desember 1999, ei kvoteavtale for 2000, jamfør vedlegg 2.

Bestandsgrunnlaget for konsumfellesbestandane i Nordsjøen, har lenge gitt grunn til uro. Noreg og EU har derfor dei seinaste åra forvalta makrell, raudspette og sild etter fleirårige forvaltningsstrategiar. Partane var i avtalen for 1999 samde om å nedsette ei arbeidsgruppe med sikte på å kome med forslag til tiltak for å betre situasjonen for desse bestandane, basert på føre var prinsippet. På bakgrunn av arbeidet i gruppa har Noreg og EU for 2000 vedtatt forvaltningsstrategiar for sei, torsk, hyse og raudspette, som fastlegg bestandsnivå og tiltaksgrenser som grunnlag for å fastsetje kvotar (jamfør anneksa I - IV i vedlegg 2). Arbeidsgruppa skal i 2000 kome med forslag til langtidsstrategiar for forvaltninga av kviting i Nordsjøen. Noreg og EU har avtalt å fortsette å forvalte nordsjøsilde etter prinsippa som er nedfelte i silde-

avtala frå 1997. I avtala for 2000 er partane samde om å vidareføre arbeidet med å etablere eit nytt forvaltningsregime for makrell.

Kontroll med uttaket av fisk skal fortsatt stå sentralt i arbeidet med å få i stand ei betre forvaltning av dei felles fiskebestandane i Nordsjøen. I denne samanhangen er partane samde om at det er viktig i 2000 å vidareføre det arbeidet som allereie er påbegynt for å kome fram til harmoniserte kriterium og metodar for avrekning av fangstar.

Som ledd i samarbeidet om ressurskontroll har Noreg og EU vedtatt å innføre gjensidig satellittsporing av fiskefartøy som fisker i partane sine soner, frå 1. januar 2000. For å sikre ei praktisk gjennomføring av satellittsporing inngjekk Noreg og EU 28. januar 2000 ei eiga avtale om dei tekniske parametra for sporing av fiskefartøy.

Noreg har allereie inngått kontrollavtaler med enkelte medlemsland i EU, så som Danmark, Irland, Nederland, Skottland og Sverige. Ei kontrollavtale med Storbritannia blei inngått i februar 1999. Denne avtala erstattar og utfyller kontrollavtalen mellom Noreg og Skottland, som blei inngått i 1994. Vidare blei det i juli 1999 inngått ei kontrollavtale mellom Noreg og Frankrike.

Følgjande kvotar er fastsett for fellesbestandane i Nordsjøen i 2000, sjå tabell 3.1:

Tabell 4.1: Kvotar på fellesbestandar i Nordsjøen i 2000 (tonn)

Fiskeslag	TAC	Kvote til Noreg	Kvote til EU
Torsk	81.000	7.770	73.230
Hyse	73.000	9.090	63.910
Sei	85.000	44.200	40.800
Kviting	30.000	3.000	27.000
Raudspette	97.000	2.790	94.210
Makrell	69.725	45.240	22.620
Sild	265.000	76.850	188.150

I lys av bestandssituasjonen og behovet for ei bærekraftig forvaltning, jamfør det som er sagt ovanfor om forvaltningsstrategiar, er partane for 2000 samde om vesentlege reduksjonar i kvotenivåa for torsk, hyse, sei og kviting samanlikna med 1999, mens raudspettekvoten er gjenstand for ein mindre reduksjon. Noreg har overført mindre kvantum til EU frå dei norske kvotane av torsk, hyse og raudspette. Makrellkvoten i Nordsjøen er auka noko frå 1999 til 2000. Totalkvoten for sild er uendra. Det er sett ein bifangstkvote på 36.000 tonn sild i EUs fiske etter andre artar i Nordsjøen i 2000. Partane har høve til å fiske delar av dei enkelte kvotane i den andre parten si økonomiske sone i Nordsjøen.

Totalkvoten for makrell er i 2000 sett til 542.545 tonn mot 484.615 i 1999. 69.725 tonn kan bli fiska i Nordsjøen og Skagerrak, 124.710 tonn i norsk økonomisk sone nord om 62° N og i internasjonalt farvatn og 348.110 tonn kan bli fiska i EUs jurisdiksjonsområde. Den norske makrellkvoten er etter avtala med EU på 169.950 tonn.

Etter avtala kan Noreg og EU fiske følgjande kvantum fisk på andre fellesbestandar i 2000 (tonn), sjå tabell 3.2:

Tabell 4.2: Kvantum på andre fellesbestandar i 2000 (tonn)

Fiskeslag	Kvotestil Noreg i EU-sona	Kvotestil EU i norsk sone
Augepål	20.000	50.000
Tobis	30.000	150.000
Kolmule	222.000	1.000
Blålange	1.000	
Lange	11.000	
Brosme	5.000	
Kombinert kvote	600	
Pigghå	600	
Brugdelever	100	
Håbrann	200	
Reker	100	900
Hestmakrell	1.600	
Andre artar	5.000	11.000

Avtala inneheld detaljerte føresegner om kvar desse kvotane kan fiskast og føresegner om kva andre artar og mengder som kan inngå i fisket på dei enkelte kvotane. I lys av bestandssituasjonen for torsk, hyse og sei i Barentshavet, er EU sine kvotar nord om 62° N i 2000 vesentleg reduserte. Også EU sin kvote for reker i norske farvatn er mindre enn i 1999. Avtala for 2000 inneber på tross av dette at norske fiskarar opprettheld banklinekvoten på 17.000 tonn, mens kolmulekvoten berre er redusert med 13.000 tonn. Den norske brislingkvoten er imidlertid vesentleg redusert mens det er gjort mindre reduksjonar i den norske kvoten for hestmakrell og den kombinerte kvoten.

EU er tildelt følgjande kvotar på eksklusive norske bestandar nord om 62° N i 2000 (tonn), sjå tabell 3.3:

Tabell 4.3: Kvotar på eksklusive norske bestandar nord for 62° N i 2000 (tonn)

Fiskeslag	Kvotestil
Norsk arktisk torsk	16.150
Norsk arktisk hyse	1.360
Sei	3.000
Uer	1.800
Blåkveite (bifangst)	100
Anna (bifangst)	450

Reduksjonen i torsk- og hysekvoten frå 1999 til 2000 er som vist til ovanfor, ein følgje av bestandssituasjonen for desse artane. I tillegg til den uerkvoten som går fram av tabellen, har EU sidan 1986 då Portugal og Spania blei medlemmer i EU, fått eit tilleggskvantum uer. I brevvekslinga av 2. mai 1992 om utveking av det bilaterale fiskerisamarbeidet, pliktar Noreg å gje EU, på permanent basis, ein uerkvote som representerer eit tilleggskvantum i høve til den uerkvoten EU blei tildelt som følgje av Spanias og Portugals tiltredelse.

Dette kvantumet er i 2000 på samla 1.500 tonn. Uerkvotane kan berre takast som bifangst nord om 70° N.

Noreg er i 2000 tildelt desse kvotane på eksklusive EU-bestandar (inkludert bestandar i grønlandske farvatn) (tonn), sjå tabell 3.4:

Tabell 4.4: Kvotane på eksklusive EU-bestandar (inkludert bestandar i grønlandske farvatn) (tonn)

Fiskeslag	Kvote
Brisling (EU-sona)	5.000
Blåkveite (EU-sona)	950
Reker (Grønlands sone)	2.500
Blåkveite (Grønlands sone)	1.925
Uer (Grønlands sone)	1.000
Kveite (Grønlands sone)	400
Skolest og isgalt (Grønlands sone)	1.000
Lodde (Grønlands sone)	6.700

Dei kommersielt viktige kvotane for reker, uer og kveite ved Grønland er uendra frå 1999 til 2000. Dei øvrige kvotane er reduserte som følge av reduksjonen i EU sine kvotar for torsk, hyse og sei i Barentshavet. Loddekvoten er redusert frå 10.000 tonn i 1999 til 5.000 tonn i 2000. Den norske kvoten sild vest av 4° V er fallen bort.

Noreg og EU inngjekk 13. mai 1995 ei lisensavtale. Avtala fastset talet på fartøy frå EU som kan delta i dei ulike fiskeria i NØS. Det er inga avgrensing i talet på norske fartøy som kan tildelast lisens i EUs farvatn. Avtala er vidareført i 2000.

Noreg - Færøyane

Dei årlege avtalene mellom Noreg og Færøyane opnar for eit gjensidig fiske i partane sine soner. I forhandlingane med Færøyane blir det lagt vekt på at det skal vere nokolunde balanse i det gjensidige fisket.

Kvotavtala mellom Noreg og Færøyane for 2000 blei inngått i Oslo 11. desember 1999. Etter avtala er Færøyane tildelt kvotar i Noregs økonomiske sone, i fiskerisona ved Jan Mayen og i fiskevernsona ved Svalbard.

I NØS nord om 62° N har Færøyane i 2000 høve til å fiske 1.700 tonn norsk arktisk torsk, 280 tonn norsk arktisk hyse, 150 tonn sei og 30 tonn andre artar (uer og blåkveite). Dette er ein reduksjon i torske- og hysekvotane samanlikna med i 1999. Seikvoten er gjort om frå ein rein bifangstkvote til ein kvote også for direkte fiske, men kvoten må også dekkje bifangst i fisket etter torsk og hyse. Færøyane har fått ein kvote på 1.650 tonn makrell. Dette er ein reduksjon av makrellkvoten samanlikna med 1999. Makrellkvoten kan også bli fiska i Nordsjøen nord om 57° 30 1/2 N. Færøyane er tildelt inntil 2.000 tonn kolmule som forsøksfiske i eit nærmare avgrensa område. Dette er ei halvering av kvoten frå 1999. Eit nytt element i avtala samanlikna med 1999, er opprettinga av ein loddekvote på 5.000 tonn. På grunn av bestandssituasjonen har det ikkje blitt fiska lodde i Barentshavet dei siste åra. Færøyane har derfor ikkje vært tildelt loddekvote. I tidlegare år har imidlertid lodde inngått i det årlege kvotebyttet mellom partane.

I avtala for 2000 har Noreg gitt Færøyane tilgjenge til å fiske inntil 6.535 tonn makrell i NØS nord om 57° 301/2 N av den nasjonale færøyske kvoten avtalt i trepartsforhandlingane mellom EU, Færøyane og Noreg.

I dei årlege avtalene mellom Færøyane og Russland får Færøyane kvotar mellom anna på nokre av dei artane som er nemt ovanfor. For å sikre ei rasjonell utnytting av kvotane har Noreg i ei rekkje år gitt Færøyane høve til å fiske delar av dei kvotane dei har fått av Russland, i Noregs økonomiske sone. I 2000 kan Færøyane gjennom denne ordninga fiske 2.600 tonn norsk arktisk torsk, 450 tonn norsk arktisk hyse og 200 tonn andre artar (uer, sei og blåkveite) i Noregs økonomiske sone nord om 62° N. Etter at det no er opna opp for eit loddefiske, kan Færøyane også overføre eit kvantum på 5.000 tonn lodde tildelt av Russland for eit fiske i NØS nord om 62° N i 2000. Overføringane frå russisk til norsk sone inngår i balansereknskapen for kvoteutvekslinga mellom partane. Overføringa av kvotar frå russisk sone til fiske i NØS, skjer etter russisk aksept. Kvotane kan ikkje takast i fiskevernsona ved Svalbard.

Av den samla kvoten på 30 tonn andre artar tildelt frå Noreg og 200 tonn andre artar tildelt frå Russland, er det berre høve til å fiske 150 tonn uer. Blåkveite og uer kan berre takast som bifangst. I fisket etter andre artar kan bifangsten av blåkveite ikkje overstige 5% og for uer ikkje over 25 % av samla vekt i kvar enkelt fangst og av landa fangst.

I kvoteavtala pliktar Færøyane å avgrense sitt totale fiske i Barentshavet til dei artar og kvotar dei er tildelt av Noreg og Russland, utan omsyn til om fisket skjer i eller utanfor norsk eller russisk fiskerijurisdiksjonsområde.

I fiskerisona ved Jan Mayen er Færøyane tildelt ein kvote på 500 tonn kolmule og 150 tonn reker som prøvefiske utanfor 4. n. mil. Begge kvotane er reduserte samanlikna med 1999.

I Noregs økonomiske sone sør om 62° N er Færøyane tildelt 25.000 tonn augepål, tobis, kolmule og brisling. Av dette kan 2.000 tonn vere brisling. Kvoten omfattar også bifangst av andre artar, utanom sei og sild. Vidare kan færøyske fartøy fiske 1.400 tonn sei og 1.200 tonn sild. Med unntak frå sild er dei nemte kvotane reduserte samanlikna med 1999. Kvotane omfattar også bifangst i andre fiskeri. Færøyane kan også fiske 300 tonn håbrann/pigghå og 3.000 tonn hestmakrell. Desse kvotane kan også bli fiska nord om 62° N. Hestmakrellkvoten er halvert samanlikna med 1999.

Når det gjeld fiskevernsona ved Svalbard, skal Færøyane avgrense sitt fiske til maksimum 808 tonn norsk arktisk torsk og inntil 194 tonn andre artar, vesentleg uer og blåkveite, som berre kan takast som bifangst og etter same reglar som ved fiske i NØS nord om 62° N. Den færøyske torskekvoten blir fastsett etter dei same prinsippa som gjeld for utrekninga av kvotane til andre land som har hatt eit tradisjonelt torskefiske i sona. Som følge av reduksjonen i TAC for torsk er denne kvoten redusert i 2000 samanlikna med 1999. Færøyane pliktar å avgrense det færøyske rekefisket i fiskevernsona ved Svalbard i samsvar med gjeldande norske forskrifter.

I Færøyanes økonomiske sone er Noreg i 2000 tildelt ein kvote på 5.000 tonn botnfisk av artane lange, brosme, sei og blålange. Dette er ei vidareføring av kvoten frå 1999. Innanfor botnfiskkvoten må kvantumet sei ikkje overstige 1.000 tonn. Kvoten på 5.000 tonn botnfisk omfattar 1.200 tonn bifangst av

andre artar. Det er ein føresetnad at fisket skal drivast med seigarn eller bank-line. Seikvoten kan likevel bli fiska med trål. Deltakinga i dette fisket er avgrensa til maksimalt 12 fartøy samstundes. Ut over dette kan eitt fartøy drive forsøksfiske med teiner. Dei lisensierte fartøya kan fiske i eit nærmare angitt område (Færøybanken) i inntil 10 dagar kvar tur, likevel ikkje ut over 30 dagar i løpet av 2000.

I færøysk sone er Noreg i tillegg tildelt ein kvote på 300 tonn pigghå/håbrann som prøvefiske, 4.000 tonn makrell, 42.000 tonn kolmule og 100 tonn brugdelever. Den norske makrellkvoten i færøysk sone er redusert frå 1999, mens kolmulekvoten er noko auka. Noreg kan i tillegg drive eit direkte prøvefiske med garn på 75 tonn blåkveite og 100 tonn breiflabb. Hestmakrellkvoten er redusert frå 2.500 tonn i 1999 til 1.250 tonn i 2000.

Med referanse til trepartsavtala om makrell mellom Noreg, EU og Færøyane av 19. november 1999, var partane samde om at alt fiske etter nordaustatlantisk makrell bør vere gjenstand for felles forvaltning og såleis inngå i totalkvoten for partane sine jurisdiksjonsområde (den såkalla referanse-TAC). Det var også semje om å føre vidare samarbeidet om å få på plass ei regulering av makrellfisket i internasjonalt farvatn i regi av NEAFC, som er akseptabelt for alle medlemene i NEAFC.

Med referanse til avtala av 21. august 1996 om kontrollsamarbeid, var det semje om at partane skal samarbeide for å sikre at landingar frå færøyske og norske fiskefartøy blir effektivt kontrollerte, uansett kor fangstane blir landa, og at det er samsvar mellom fangstgrunnlaget og landa fangstar.

Partane skal samarbeide om å gjennomføre eit pilotprosjekt om satellittsporing, i tråd med avtala inngått 18. november 1999 mellom Noreg og Færøyane. Basert på resultata frå pilotprosjektet kan partane vurdere om det skal innførast satellittsporing av fiskefartøy i deira soner.

Noreg - Grønland

Det har vore forhandla fram årlege fiskeriattaler mellom Noreg og Grønland sidan 1991. For norske fiskarar er kvotane på dei kommersielt viktige artane blåkveite og kveite av størst verd. I tillegg til desse kvotane får Noreg blåkveite frå EU i grønlandske farvatn. Norske fiskarar utnyttar kvotane på blåkveite godt. For grønlandske fiskarar er kvotetildelinga av norsk arktisk torsk svært viktig. Det har til no ikkje vore noko interesse for å utnytte den grønlandske konsumfiskkvoten i Nordsjøen.

Etter protokollen av 7. januar 2000 kan grønlandske fiskarar i 2000 ta følgjande kvantum i norske jurisdiksjonsområde:

I NØS nord om 62° N: 1.700 tonn norsk arktisk torsk, 280 tonn norsk arktisk hyse, 700 tonn sei og inntil 150 tonn andre artar som bifangst (uer og blåkveite). Torskekvoten kan også fiskast i fiskevernsonen ved Svalbard.

Dei grønlandske kvotane for 2000 for torsk og hyse nord om 62° N, inneber ein reduksjon samanlikna med i 1999. Som ein del av avtala kan Grønland som ei prøveordning fiske delar av dei torske- og hysekvotane som Grønland er tildelt av Russland, i Noregs økonomiske sone nord om 62° N, under føresetnad av russisk aksept av ei slik ordning. Seikvoten nord om 62° N kan nyttast til eit direkte fiske og til bifangst i Grønlands samla torskefiske i norsk sone i Barentshavet.

Bifangst av blåkkeite kan ikkje overstige 5 % ombord ved avslutning av fisket i farvatn nord for 62° N underlagt norsk fiskerijurisdiksjon. Det er likevel tillate å ha inntil 10 % blåkkeite i det enkelte hal. Bifangst av uer kan ikkje overstige 25 % i det enkelte hal.

I avtala har grønlandske myndigheiter til liks med dei færøyske, plikta seg til å avgrense sitt totale fiske i Barentshavet til dei artar og kvotar som Grønland blir tildelt av Noreg og Russland, utan omsyn til om fisket skjer i eller utanfor Noregs og Russlands jurisdiksjonsområde.

I NØS sør om 62° N: 1.000 tonn torsk, hyse, sei og annan botnfisk. Av denne kvoten kan Grønland fiske maksimalt 855 tonn sei og maksimalt 200 tonn torsk.

Noreg er tildelt følgjande kvantum i Grønlands sone:

- Ved Vestgrønland: 600 tonn blåkkeite. Ved fiske etter blåkkeite ved Vestgrønland i 2000, kan trålfiske berre finne stad sør for 64° 30 1/2 N og med inntil 6 trålarar i sona samstundes.
- Ved Austgrønland: 200 tonn blåkkeite, 100 tonn uer (oceansk type) og 364 tonn kveite
- Ved Vest- og Austgrønland: 950 tonn torsk.

Dette er, med unntak frå kveitekvoten, ei vidareføring av kvotenivåa frå 1999 på trass av at dei grønlandske kvotane av torsk og hyse i Barentshavet er reduserte som konsekvens av reduksjonane i totalkvotane for desse artane. Kveitekvoten er redusert frå 400 tonn til 364 tonn.

Grønlandske myndigheiter innførte forbod mot trålfiske etter blåkkeite i grønlandske farvatn frå 1. januar 1996. Det er sidan 1996 likevel gjort unntak frå forbodet, slik at Noreg og andre land kan drive eit trålfiske på inntil 85 % av sine blåkkeitekvotar med trål. Unntaket gjeld også dei blåkkeitekvotane Noreg får av EU i grønlandske farvatn.

Avtala inneheld føresegnar om utøvinga av fisket.

Det var semje om at partane skal konsultere kvarandre for å vurdere om det er mogleg å inngå ei avtale om kontrollsamarbeid og om det er mogleg å iverksetje eit pilotprosjekt om satellittsporing av fiskefartøy ved fiske i partane sine soner.

Noreg - Island.

Gjennom den trilaterale avtala av 15. mai 1999 mellom Noreg, Island og Russland om visse samarbeidsforhold på fiskeriområdet (Smottholsavtala), greidde norske og russiske styresmakter å gjere slutt på det uregulerte islandske fisket på regulerte bestandar i internasjonalt område i Barentshavet (Smottholsavtala er gitt ei omtale i St meld nr 49 (1998 - 1999)). Den bilaterale avtala mellom Noreg og Island også av 15. mai 1999, regulerer bytet av fisk mellom Island og Noreg.

Etter den bilaterale avtala kan Island i 2000 fiske 3.630 tonn norsk arktisk torsk i NØS nord om 62° N. I tillegg kjem ein bifangstkvote av andre artar i torskefisket, på 30 %. Som kompensasjon for den islandske torskekvoten har norske fiskarar ein kvote botnfisk og ein loddekvote i Islands økonomiske sone (IØS). Botnfiskkvoten ligg fast på 500 tonn pluss bifangst, mens loddekvoten varierer årleg i takt med utviklinga i totalkvoten for norsk arktisk torsk. For 2000 er loddekvoten sett til 13.870 tonn.

Avtaler som fastset totalkvotar med fast fordeling av kvotane

Om loddebestanden ved Island - Grønland - Jan Mayen

Ei trepartsavtale om loddebestanden ved Island, Grønland og Jan Mayen blei første gongen underskriven 12. juni 1989. Denne rammeavtale om reguleringane i loddefisket er blitt reforhandla tre gonger, 25. juni 1992, 29. juni 1994 og 18. juni 1998. Dei mest sentrale elementa i desse avtalene omhandlar kva andelar dei tre partane skal ha av totalkvoten for lodde og i kva omfang partane kan fiske av sin kvote i dei andre partane sine soner kvar loddeseong.

Siste trepartsavtale har ei varigheit på tre år og kan etter dette forlengjast med to år om gongen. Noregs andel er på 8 % av totalkvoten, Island har 81 % og Grønland 11 %. Noreg kan fritt fiske lodde i grønlandske farvatn. I Island si økonomiske sone kan norske fiskarar ta inntil 35 % av den norske kvoten fram til 15. februar kvar sesong.

Den endelege totalkvoten blei sett til 1.000.000 tonn loddeseongen 1999/2000.

Noreg har ein kvote på 107.000 tonn lodde, inklusive 10.000 tonn tildelt av EU for kalenderåret 1999 og 17.000 tonn tildelt av Island for eit fiske fram til 15. februar 2000 (jamfør den bilaterale avtale mellom Noreg og Island for 1999).

Noreg - EU (fisket i Skagerrak/Kattegat)

Dei årlege avtalene om fisket i Skagerrak/Kattegat blir inngått på grunnlag av trepartsavtale av 1966 mellom Noreg, Danmark og Sverige. EU forhandlar på vegner av Danmark og Sverige.

Avtala fastset totalkvotar og fordelinga av desse for bestandane torsk, hyse, kviting, raudspette, sild, brisling og reker. Fordelinga av totalkvotane er basert på tradisjonelt fiskemønster i området. Fordelingsmønstret har vore stabilt. Det norske fisket utgjer ein liten del av det totale fisket, og silde- og rekefisket er av størst interesse for norske fiskarar. EU (Danmark og Sverige) har størstedelen av dei enkelte kvotane.

Etter to forhandlingsrundar blei Noreg og EU 2. desember 1999 samde om reguleringane for fisket i Skagerrak og Kattegat i 2000.

Følgjande kvotar gjeld for 2000 (tonn):

Tabell 4.5: Kvotar for 2000 (tonn)

Fiskeslag	TAC	Kvote til Noreg	Kvote til EU
Torsk	11.600	380	11.220
Hyse	4.450	190	4.260
Kviting	4.000	70	3.930
Raudspette	11.200	220	10.980
Reker	9.100	4.240	4.860
Sild	80.000	10.670	69.330
Brisling	50.000	3.750	46.250

Totalkvoten for torsk er sterkt redusert. Det same gjeld kvoten for kviting, som er halvert samanlikna med 1999. Også kvotane for hyse og reker er noko

reduserte frå i fjor. Kvitane for raudspette, sild og brisling er dei same som i 1999.

Etter den tosidige fiskeriatvala mellom Noreg og EU kan visse norske fartøy fiske delar av den norske makrell- og seikvoten avsett for Nordsjøen, også i Skagerrak. Etter same avtala kan svenske fiskarar ta eit kvantum på 1.865 tonn makrell i Skagerrak og i EU-sona av Nordsjøen i 2000.

Det skjer ei utveksling mellom sildebestandane i Nordsjøen og Skagerrak/Kattegat. I fleire år har det vore eit problem at det blei fiska store mengder ungsild frå nordsjøsildebestanden i ulike fiskeri med småmaska reiskap i Skagerrak. Reguleringane av sildefisket i Skagerrak følgjer av reguleringstiltaka for sild i Nordsjøen. Det er fastsett ein bifangstkvote på totalt 21.000 tonn nordsjøsilde i industritrålfisket og i brislingfisket i Skagerrak/Kattegat i 2000.

Avtaler om einsidige fangstkvotar

Noreg - EU (Sverige)

Strukturen i avtala med Sverige har vore stabil og det har såleis ikkje blitt opna opp for nye fiskeri. Utnyttingsgraden for dei enkelte kvotane er god og det er stor interesse for kvotane av konsumfisk, makrell, reker og sild.

Kvoteavtala om svensk fiske i norsk del av Nordsjøen i 2000 blei underskriven av Noreg og EU i Brussel 2. desember 1999.

Svenske fiskarar fekk følgjande kvotar i norske farvatn i 2000:

I NØS sør for 62° N: 380 tonn torsk, 710 tonn hyse, 880 tonn sei, 190 tonn samanlagt av lyr og kviting, 130 tonn reker, 850 tonn sild, 240 tonn makrell, 800 tonn industrifisk (av denne kvoten kan inntil 400 tonn vere hestmakrell) og andre fiskeslag på eit tradisjonelt nivå. Avtala inneber relativt kraftige reduksjonar i kvotane for torsk og sei. Det gjer avgrensa reduksjonar i hyse- og rekekvotane. Resten av kvotane er vidareførte samanlikna med 1999.

Noreg - Polen

Tildelingane til Polen omfattar ein avgrensa kvote på konsumfiskartar i Nordsjøen og eit mindre kvantum kolmule ved Jan Mayen og i Noregs økonomiske sone nord om 62° N. Dei polske kvotane er i løpet av åra reduserte i takt med den negative utviklinga i konsumfiskbestandane i Nordsjøen. Det er hovudsakleg fisket i Nordsjøen som er av interesse for polske fiskarar, og då særleg fisket etter sei. Kvitane i Nordsjøen har til vanleg blitt godt utnytta, mens kolmulekvotane ikkje blir utnytta. Dette gjeld også for polsk fiske i 1999.

Kvoteavtala med Polen blei underskriven i Oslo 21. januar 2000. Polske fiskarar kan etter avtala ta følgjande kvanta fisk i norske jurisdiksjonsområde i 2000:

- I NØS nord om 62° N: 3.000 tonn kolmule og 100 tonn bifangst av andre artar.
- I NØS sør om 62° N: 825 tonn torsk, hyse, kviting og sei. Av dette kvantumet kan maksimum 750 tonn utgjere sei og maksimum 75 tonn bifangst av torsk, hyse og kviting.
- I fiskerisonen rundt Jan Mayen: 5.000 tonn kolmule

Samlevoten i Nordsjøen er redusert noko som resultat av at totalkvoten for sei i Nordsjøen blei redusert i 2000 samanlikna med i 1999.

Avtala inneheld ei formulering om at kvotetildelingane til Polen i norske farvatn er avhengige av at polsk fiske i Svalbardsona skal avgrensast i samsvar med den biologiske bestandssituasjonen og behovet for ei rasjonell forvaltning av dei ulike fiskebestandane i området. Polen pliktar også ikkje å fiske norsk arktisk torsk i Barentshavet utanom dei kvotane som er fastsett for bestanden.

Når det gjeld fisket etter norsk arktisk torsk i fiskevernsona rundt Svalbard, er den polske kvoten fastsett etter dei same prinsippa som gjeld for berekninga av kvotane til andre land som har hatt eit tradisjonelt torskefiske i sona. I samsvar med dette kan Polen i 2000 fiske eit kvantum norsk arktisk torsk i Svalbardsona på 1.209 tonn basert på ein totalkvote av torsk på 390.000 tonn. Dette er ein reduksjon frå 1999. Denne tildelinga til Polen går utanom kvoteavtala og fisket blir regulert etter ei årleg norsk forskrift om regulering av torskefisket i fiskevernsona ved Svalbard.


Partane var samde om å ta kontakt i 2000 for å få i stand eit nærmare samarbeid om eit pilotprosjekt om satellittovervaking.

Anna fleirsidig fiskerisamarbeid

NAFO

Noreg har kvoterettar i NAFOs reguleringsområde på 9,26 % av torskekvoten i underområde 3M og 30 % av totalkvoten for lodde i 3NO. Vidare kan Noreg fiske på ein mindre felleskvote av blåkveite i område 3. Noreg har sidan 1993 fiska reker i 3M (Flemish Cap). Nytt av året er at det er opna opp for eit rekefiske i 3L. Alle medlemslanda kan fiske på denne kvoten.

Figur 3.2 viser NAFOs reguleringsområde.



Figur 4.2 NAFOs reguleringsområde

Grunna den dårlege bestandssituasjonen for torsk i 3 M er det sett forbod mot direkte fiske av torsk i 2000. Det er også forbod mot eit direkte fiske av lodde i NAFO-området. Rekebestanden ved Flemish Cap er ikkje kvoteregulert, men blir regulert med innsatsbegrensningar (antal fartøy og fiskedøgn). Island har som einaste medlem i NAFO reservert seg mot vedtaket og har i 2000 sett ein autonom kvote på 9.300 tonn. Norske fartøy kan samanlagt fiske i 1.985 fiskedøgn i 2000. 32 norske fartøy kan delta. Det blei sett ein totalkvote på 6.000 tonn reker i 3 L i 2000. Kvoten er fordelt med 5.000 tonn til Canada og 1.000 tonn til dei resterande NAFO-medlemane. Dette gjer ein kvote til Noreg i 3L på 67 tonn i 2000. Fordelinga av kvoten mellom kanadisk sone og internasjonalt farvatn og mellom partane skal vere gjenstand for nærmare drøftingar i 2001.

Det blei med verknad frå 1. januar 1996 sett krav om 100 % observatørdekning ved fiske i NAFOs reguleringsområde. Vidare blei det sett i gong eit pilotprosjekt med krav om 35 % dekning med omsyn til satellittsporing. Noreg har sett krav om 100 % observatørdekning og 100 % satellittsporing på sine fartøy. På NAFOs årsmøte i 1998 blei det gjort vedtak om at det skal krevjast 100 % satellittovervaking og 100 % observatørdekning i fisket i NAFOs reguleringsområde, seinast innan 1. januar 2001.


Det ble i 1998 sett i gong arbeid i ulike arbeidsgrupper i NAFO. Desse gruppene har i 1999 arbeidd med spørsmål tilknytt prinsipp for kvotefordeling og fartøyleie, føre var prinsippet, openheit /observatørstatus for «Non Governmental Organizations/NGO1/2er» og tvisteløy-

singsmekanismer (norsk formannskap). Arbeidet med observatørstatus for «NGO1/2er» blei avslutta på NAFO's årsmøte i 1999. Arbeidet med å finne løysingar på spørsmålet om kvotefordeling og fartøyleie skal gjenopptakast i mars 2000. Det er naudsynt med ytterlegare konsultasjonar i resten av arbeidsgruppene og i faste underkomitear også i 2000. Dette gjeld til dømes arbeidet i Standing Committee on Fishing Activities of Non-Contracting Parties in the Regulatory Area/Komiteen som drøftar ikkje-medlemer sitt fiske i konvensjonsområdet, der Noreg har hatt ei aktiv rolle. Det blei på årsmøtet frå norsk side sett fram eit forslag til svartelisting av fartøy som har drive eit uregulert fiske på bestandar som er forvalta av NAFO.

NEAFC

NEAFC sitt myndigheitsområde er i utgangspunktet avgrensa til områda utanfor 200-milssonene. Når det gjeld reguleringar av fisket på bestandar som vandrar både innanfor og utanfor 200 n. mil, har kommisjonen i første rekkje ein samordnande funksjon. NEAFC kan likevel gjere vedtak om reguleringstiltak innanfor den økonomiske sona til ein part dersom vedkomande part ønskjer det, og støttar at eit reguleringstiltak blir sett i verk. Av bestandane i Nordaust-Atlanteren, som har eit utbreiingsområde som også omfattar opne hav, er mellom anna kolmule, makrell, uer og norsk vårgytande sild.

Figur 3.3 viser NEAFCs konvensjonsområde.



Figur 4.3 NEAFCs konvensjonsområde

NEAFC har for 2000 fastsett ein totalkvote for kolmule på 650.000 tonn. Dette er same totalkvoten som i 1999. Kvoten er ikkje fordelt mellom medlemslanda. Ein arbeidsgruppe om kolmule i NEAFC-regi starta eit arbeid om den framtidige reguleringa av kolmule bestanden. Drøftinga av forvaltninga av bestanden foregår nå i forhandlingar mellom dei fem kyststatane EU, Færøyane, Grønland, Island og Noreg.

NEAFC gjorde i 1996 første gongen vedtak om eit avgrensa uttak på oceanisk uer i Irmingerhavet. Det er sett ein totalkvote for uerfisket i 2000 på 120.000 tonn. Dette er ein reduksjon av kvoten i 1999, som var på 153.000 tonn. Island har reservert seg mot denne reguleringa i NEAFC. Etter vedtaket i NEAFC har Noreg ein kvote på 4.586 tonn uer i Irmingerhavet i 2000.

NEAFC har gjort vedtak om at fangsten av norsk vårgytande sild i områda utanfor nasjonal jurisdiksjon, skal avgrensast til 102.000 tonn i 2000. Dette er ei vidareføring av reguleringa i internasjonalt farvatn i 1999. Kvoten er samansett av kvotar kyststatane også kan fiske i eigne jurisdiksjonsområde, pluss ein kvote på 2.000 tonn til Polen. Kvantumet på 102.000 tonn utgjer ein del av den totalkvoten for norsk vårgytande sild i 2000, som blei vedtatt av EU, Færøyane, Island, Noreg og Russland i Torshavn 20. oktober 1999, sjå omtale nedanfor. NEAFC har sett ein totalkvote på 50.000 tonn makrell i Smothhavet i 2000. Denne makrellkvoten er fastsett i samsvar med dei reguleringane dei tre kyststatane Noreg, Færøyane og EU er samde om i 2000. Kvoten er fordelt slik: Russland: 28.000 tonn, Danmark (på vegner av Færøyane og Grønland), EU og Noreg: ein samlekvote på 17.000 tonn, Island: 2.500 tonn, Polen 1.500 tonn og samarbeidande land utanfor NEAFC: 1.000 tonn. Av samlekvoten til Danmark, EU og Noreg på 17.000 tonn, er Færøyane etter trepartsavtala om makrell mellom Noreg, Færøyane og EU, tildelt eit kvantum på 10.680 tonn. Den resterande delen av kvoten er ikkje delt mellom Noreg og EU. Russland sin kvote skal gradvis reduserast til 20.000 tonn i 2001. Dei russiske kvotekutta skal overførast til Danmark, EU og Noreg sin samlekvote av makrell i internasjonalt farvatn. Russland og Island har reservert seg mot denne reguleringa i 2000.

Regulering av norsk vårgytande sild i Nordaust-Atlanteren

Ei avtale inngått mellom Noreg, Russland, EU, Færøyane og Island blei underskriven i Torshavn 20. oktober 1999. Partane fastsette ein totalkvote på 1.252.000 tonn i 2000. Innanfor denne totalkvoten skal fisket til dei fem partane samla avgrensast til 1.250.000 tonn i 2000, fordelt med 104.800 tonn til EU, 68.270 tonn til Færøyane, 194.230 til Island, 712.500 tonn til Noreg og 170.200 tonn til Russland. Dette er ein reduksjon i uttaket av sild samanlikna med i 1999 då kvoten for dei fem partane var på 1.302.000 tonn.

På møtet i Torshavn var partane vidare samde om ein ny forvaltningsstrategi for norsk vårgytande sild frå og med 2001. Denne er basert på føre var prinsippet og tar sikte på å hindre eit nytt samanbrot i sildebestanden. Eit hovudelement i strategien er at ein bind seg til å leggje til grunn lave nivå for fiskedødeligheit i forvaltninga av silda.

I samband med protokollen har Noreg inngått bilaterale avtaler med EU, Færøyane, Island og Russland om løyve til å fiske i partane sine fiskerisoner:

EU kan fiske 33.700 tonn sild i NØS nord om 62° N eller i fiskerisona rundt Jan Mayen. Av dette kvantumet kan inntil 25.000 tonn bli fiska i NØS nord om 62° N. Noreg kan fiske 8.700 tonn sild i EU-farvatn nord om 62° N.

Færøyane kan fiske inntil 30.800 tonn sild av sin kvote i NØS nord om 62° N eller i fiskerisona ved Jan Mayen. Av dette kvantumet kan maksimalt 25.000 tonn bli fiska i NØS nord om 62° N. Etter avtala kan norske fiskarar fiske 30.800 tonn sild i færøysk sone i 2000.

Noreg skal overføre 1.900 tonn av sin sildekvote til Færøyane.

Island kan fiske 194.200 tonn sild i fiskerisonen ved Jan Mayen eller i NØS nord om 62° N. Maksimum 8.700 tonn av dette kvantumet kan bli fiska i NØS nord om 62° N. Norske fartøy kan fiske 138.500 tonn sild i Islands økonomiske sone.

Russland kan fiske 125.000 tonn sild i NØS nord om 62° N og 10.600 tonn i fiskerisona rundt Jan Mayen. Russland vil avgi 1.900 tonn sild av sin kvote til Noreg.

IWC

Den internasjonale hvalfangstkommisjonen har vedtatt moratorium for fangst av vågekval. Noreg har reservert seg mot moratoriet og har for 2000 autonomt sett ein norsk kvote på 655 dyr. Forskarane i IWC har utvekla spesielle prosedyrar for vurderinga av dei ulike kvalbestandane og uttaket av dei. Den norske kvoten er basert på desse prosedyrane.

CCAMLR

CCAMLR-kommisjonen vedtar årleg anbefalingar av totalkvotar for dei ulike artane i kommisjonen sitt område, som utgjer det meste av Sørishavet. CCAMLR deler ikkje totalkvotane mellom dei enkelte medlemene. I utgangspunktet er det såleis ope for eit «olympisk» fiske, men til ein viss grad blir kvotane fordelte etter avtale mellom dei statane som driv det konkrete fisket.

Norske fartøy fiskar for tida ikkje i dette området, men norske interesser kan stå bak noko av fisket i kommisjonen sitt område. Noreg fastsette den 13. mars 1998 ei forskrift om regulering av fiske med norske fartøy i Antarktis (CCAMLR-området). Forskrifta gjeld for norske statsborgarar og personar bosett i Noreg og som driv fiske med norske fartøy i havområda på den sørlege halvkula, som er underlagt konvensjonen av 20. mai 1980 for bevaring av levande marine ressursar i Antarktis. Det er forbod mot å drive fiske utan at det er innhenta tillating frå norske styresmakter.

Noreg deltok på CCAMLRs årsmøte i 1999. Av sentrale spørsmål som blei drøfta var det uregulerte fisket etter Patagonsk tannfisk innanfor dei økonomiske sonene og uregulert fiske på det opne hav innanfor konvensjonsområdet. Fisket blir utøvd både av fartøy som fører flagg til CCAMLR-medlemmer og fartøy under bekvemlighetsflagg. Det er no tekn som tyder på at det uregulerte fisket er i minking. Noreg presenterte eit dokument som gjorde greie for det norske systemet for «svartelisting» av fartøy som har drive uregulert fiske innanfor forvaltningsområdet til regionale fiskeriorganisasjonar. Dette innspelet skal handsamast i CCAMLR i 2000. Det er innført eit fangstdokumentasjonssystem for å vise at Patagonsk tannfisk som blir importert til eit medlem av organisasjonen, er tatt i samsvar med CCAMLRs regelverk eller tatt utanfor CCAMLR-området. Også ikkje-medlemmer av CCAMLR kan delta i ordninga. Noreg sette i verk dette systemet tidleg i 2000. Noreg har ikkje meldt frå om noko fiske i 2000 for Patagonsk tannfisk.

ICCAT

Noreg er ikkje medlem av organisasjonen ICCAT, men deltok som observatør på årsmøtet i 1999 og på møte i ICCATs arbeidsgruppe om kriterium for allokering av bestandane i reguleringsområdet. Bakgrunnen for norsk deltaking er at det er tekn som tyder på at makrellstørja kan ta opp att sitt gamle beitevandringsmønster og bli å finne i norske farvatn. Noreg hadde som kjent eit omfattande fiske etter makrellstørje på femti- og sekstitalet. Det norske fisket tok slut i 1986.

Det er vedtatt ein totalkvote på 29.500 tonn for makrellstørje i Nord-Atlanteren og Middelhavet i 2000. Av denne TAC er det avsett eit kvantum på 2.291 tonn til ikkje-medlemmer. Allokeringa av totalkvoten er basert på dei aktuelle medlemsstatane sine fangstar rapportert til ICCAT åra 1993/1994, valfritt kva

år som blir lagt til grunn. Noreg har ikkje rapportert fangstar til ICCAT desse åra og får derfor ikkje allokert kvote.

Det blei avholdt eit møte i arbeidsgruppa om kriterium for allokering av bestandane i reguleringsområdet i april. Noreg deltok som observatør. Årsmøtet i 2000 finn stad i Marokko medio november. Norsk deltaking er ikkje avgjort.

SEAFO

Kyststatane Sør-Afrika, Namibia, Angola og Storbritannia (på vegner av St. Helena) har tatt initiativ til å etablere ein regional fiskeriforvaltningsorganisasjon for det sørlege Atlanterhavet. Organisasjonen skal ha ansvar for forvaltninga av fiskeressursane i området, både såkalla vandrande og stasjonære bestandar.

Det er halde fleire møte mellom interesserte partar, mellom anna har Noreg deltatt. I desse møta har man arbeidd med ein konvensjonstekst for organisasjonen. Eit nytt møte skal haldast i 2000. Da tar ein sikte mot å fullføre arbeidet med konvensjonsteksten.

Det er ikkje bestemt om Noreg skal bli medlem i SEAFO.

5 Kontrollordningar

5.1 Kontroll av fiske i norske jurisdiksjonsområde

I St prp nr 1 (1996-97) heiter det: «Innen området ressursforvaltning er hovedmålet å legge til rette for et forsvarlig ressursuttak som sikrer et høyt varig utbytte fra ressursene». For å kunne nå denne målsettinga for ressursforvaltninga, trengst det informasjon om og kontroll med alt ressursuttak i norske jurisdiksjonsområde. Ein sentral del av det norske systemet for kontroll og handheving er fysisk kontroll med all fiskeaktivitet. Dette inneber kontroll på alle nivå, til havs, under landing og ved omsetjing av fiskefangstar.

I Noreg har Fiskeridirektoratet ansvaret for ressurskontrollen. Kontrollen blir utøvd av dei ulike fagavdelingane sentralt og direktoratet sin Ytre Etat med 9 regionskontor, herunder eit inspektørkorps som er spreidd langsmed kysten.

Kystvakta, herunder bruksvakttenesta, er underlagd Forsvarsdepartementet. Kystvakta har ansvaret for kontrollen på havet, i første rekkje utanfor 4 n. mil. Frå 1996 er Kystvakta utvida med ei Indre Kystvakt. Det er meininga at Kystvakta også skal gjennomføra fiskerioppsynet innanfor 4. n. mils grensa. Fiskerioppsynstenesta til Den indre kystvakta skal etter planen kombinerast med ei rekkje andre oppgåver, bl. a. for politi-, toll- og miljøstyresmakter.

Fiskeridirektoratet står for kontroll ved landing av fangstar, og har også ein viss kontroll på sjøen i spesielle område og i spesielle fiskeri. Det er etablert lokale fiskerioppsyn langsmed kysten i regi av Fiskeridirektoratet. Direktoratet har også ansvar for kvotekontrollsystemet både for utanlandske og norske fartøy. Dette vil ein kome nærmare inn på nedanfor. Dei ulike salsorganisasjonane har eit kontrollansvar i samband med omsetjing og eksport av fisk. Utanlandske styresmakter har kontrollansvaret når norske fartøy leverer fangst i utanlandske hamner og når norske fartøy fiskar i desse landa sine jurisdiksjonsområde.

Ein viktig del av kontrollen går føre seg under utøvinga av fisket. I denne fasen blir det kontrollert at fisket skjer med riktig reiskap, til rett tid og på rett område. Ein kontrollerer også fangstsamansetjinga og at det ikkje går føre seg dumping eller neddreping av fisk. Når det gjeld fangst av sjøpattedyr (sel og kval) er det inspektører på samtlege fartøy under heile fangstperioden. På sel- og kvalfartøya kontrollerer inspektørane om bord i fartøya også at avlivinga skjer i tråd med regelverket. I andre fiskeri har Fiskeridirektoratet iverksett ei ordning med å ha inspektørar og observatørar om bord på enkelte norske- og utanlandske fartøy i kortare eller lengre periodar.

På enkelte artar går det føre seg eit omfattande fiske i indre norske farvatn, det vil seie innanfor 4 n. mil. Det er derfor sett i verk ei ordning der inspeksjonsfartøy frå Kontrollverket er til stades på desse fiskefelta. Ved landing blir fangstsamansettinga kontrollert og oppfiska kvantum blir belasta kvoterekneskapen.

For å føre kontroll med utanlandsk fiske i NØS etablerte Fiskeridirektoratet i 1977 eit kvotekontrollsystem som er basert på bruk av edb. Databasen inneheld mellom anna opplysningar om fiske- og fangsaktiviteten til utanlandske fartøy og er ein viktig reiskap for kontroll i norske jurisdiksjonsområde. I

motsetnad til kva som er vanleg for norske fartøy leverer dei utanlandske fartøya den største delen av fangstane sine i utanlandske hamner. Det er derfor ikkje mogleg å foreta landingskontroll av desse fartøya.

Fartøy som vil fiske i norske jurisdiksjonsområde er pålagde å rapportere fangstane til Fiskeridirektoratet. Denne rapporteringsplikta inneber at når fartøya kjem inn i norsk sone skal dei melde frå om kor mykje fangst fartøyet har om bord (aktivmelding). Fangstane skal oppgjevast i kg rund vekt og dei skal spesifiserast på det enkelte fiskeslaget. I tillegg må fartøyet kvar veke rapportere kor mykje som er fanga i sona av dei ulike fiskeslaga (fangstmelding). Når fartøyet avsluttar fisket i NØS, må det før utsegling sende melding om dette til Fiskeridirektoratet og oppgi kor mykje fisk som er teken sidan siste fangstmeldinga blei sendt (passivmelding). Alle dei meldingstypane som er nemnt ovanfor blir samanhangande lagt inn i kvotekontrollsystemet og gir dermed Fiskeridirektoratet ein oppdatert oversikt over det utanlandske fisket i norske jurisdiksjonsområde, både om kor mange fartøy som deltek i fiske, kvar dei fiskar og opplysningar om fangst per fartøy og per nasjon. Systemet inneheld såleis også dei opplysningane som krevst for å stanse utanlandsk fiske når dei tildelte kvotane er oppfiska.

Kystvakta har direkte tilgang til dei opplysningane som er lagra på databasen i kvotekontrollsystemet og opplysningane vil under kontroll på feltet bli samanhaldne med opplysningane som går fram av fartøyet si fangstdagbok, eventuelle sluttsetlar og innhaldet i lasterommet eller lastetankane på fartøyet. Når desse opplysningane ikkje er i samsvar med kvarandre, vil Kystvakta reagere med advarsel, oppbringning eller melde saka til politiet, alt etter kor grov krenkinga er. Kvotekontrollsystemet er såleis ein særskilt viktig reiskap i det kontrollarbeidet Kystvakta gjennomfører.

For å sikre generelt betre kontroll med fangstuttaket i NØS nord om 62° N og fordi ein var kjent med at det gjekk føre seg kvoteunndragingar frå utanlandske fartøy som fiska i NØS nord om 62° N, blei det innført ei ordning i desse områda, der utanlandske fartøy skal melde seg til Kystvakta for kontroll på eit av sju kontrollpunkt ved avslutning av fiske. Ordninga tok til å gjelde 1. januar 1994. Som ein del av rapporteringsordninga i NØS nord om 62° N skal fartøya sende melding om framstilling for kontroll (kontrollpunktmelding) tju-fire timar før ankomsten til kontrollpunktet. For ringnotfartøy er fristen 4 timar.

På grunn av behovet for betre kontroll med makrellfisket i NØS sør om 62° N, blei ei tilsvarende ordning vedteken 19. juli 1995 for makrellfisket i Nordsjøen. Av omsyn til råstoffet må eit kontrollregime i Nordsjøen utformast noko annleis enn ordninga nord om 62° N. Etter regelverket skal utanlandske fartøy med makrellisens melde seg for kontroll i eit av tre nærmare definerte område, med ei varslingsstid på fire timar før ankomsten til kontrollområdet, eller før ankomsten til landingsstad i Noreg. Ordninga gjeld også når eit fartøy med makrellisens fiskar annan pelagisk fisk, så som nordsjøisild.

Erfaringane syner at ordningane med sjekkpunkt sør og nord om 62° N i NØS har medverka positivt til å redusere kvoteunndragingane frå utanlandske fartøy.

Ved endring av 17. juli 1998 i § 4 bokstav s i lov av 3. juni 1983 om saltvannsfiske m.v, blei Fiskeridepartementet gitt heimel til ved forskrift, å kunne krevja at fiskefartøy har ombord og bruker satellittsporingsutstyr. Innføringa av satellittsporing av fiskefartøy vil kunne effektivisere Kystvakta og Fiskeridirektoratet sin kontrollverksemd monaleg, idet ein til ei kvar tid vil ha eit oppdatert bilete over kor fartøy med sporingsutstyr befinn seg.

Innan utløpet av første halvår 2000 skal samtlege norske fartøy over 24 meter vere underlagt satellittsporing. Arbeidet med å leggje til rette for eit tilsvarende pålegg for utanlandske fartøy som fiskar i norske sone pågår og er iverksett for EUs vedkommande. Forskrift som pålegg fartøy over 24 meter frå medlemslanda i EU å bli spora ved fiske i norsk sone, trådte i kraft i januar 2000. Fartøya spores av flaggstaten som med bakgrunn i Noregs gjensidige avtale med EU formidlar vidare posisjonsopplysningane til Fiskeridirektoratet. I internasjonalt farvatn er kravet at samtlige norske fartøy vil bli sporet uansett lengd.

I same endringslov av 17. juli 1998 til saltvannsfiskeloven blei det i § 45 gitt høve til å kunne påby at fartøy skal ha observatørar ombord i fiskefartøy. Bruk av observatørar ombord i fiskefartøy vil kunne effektivisere kontrollen med utøvelsen av fisket.

5.2 Kontrollsamarbeid

Kontroll med ressursuttaket på felles fiskebestandar forutset eit nært samarbeid mellom dei landa som deler ressursane. Eit slikt samarbeid er inngått med begge dei to partane som Noreg deler viktige fiskeressursar med, Russland og EU. Noreg har også inngått avtaler om kontroll direkte med enkelte medlemsland i EU. Førebels gjeld dette Irland, Danmark, Sverige, Færøyane, Nederland, Storbritannia og Frankrike. I tillegg har Noreg inngått kontrollavtaler med Island og Canada.

5.3 Tiltak mot uregulert fiske

I avtala mellom Noreg - Russland er partane samde om å setje visse vilkår til dei kvotane dei gir til tredjeland. Som vist til i avtalene med Færøyane og Grønland, har dei to landa plikta å avgrense sitt totale fiske i Barentshavet til dei artar og kvotar som dei blir tildelt av Noreg og Russland, utan omsyn til om fisket skjer i, eller utanom Noregs og Russlands jurisdiksjonsområde i Barentshavet. Også Island har plikt til å halde seg til den kvoten som går fram av «Smottholavtala». I avtala med Polen har Polen forplikta seg til ikkje å fiske norsk arktisk torsk i Barentshavet utanom dei kvotane som er sette for bestanden.

Noreg og Canada underteikna 30. juni 1995 ei avtale om bevaring og handheving på fiskeriområdet, jfr. Ot prp nr 3 (1995-96). Både for Noreg og Canada som kystnasjonar er spørsmålet om effektiv regulering av fiskebestandar som vandrar mellom nasjonale soner og det opne hav særskild viktig. Avtala føregreip på mange måtar FN-avtalen om fiske på det opne hav, av 4. august 1995. Etter avtala kan Noreg og Canada borde, innsisere og ransake eit fartøy som fører flagget til den andre parten, i nærmare avgrensa område på det opne hav. Partane kan også bringe opp fartøy og innleie rettsforfølging dersom det ligg føre

prov på at fartøy har teke del i fiskeaktivitetar som undergrev gjeldande verne- og forvaltningstiltak.

Det kan nemnast at norske myndigheiter dei seinare åra har innført ei rekkje tiltak for å angripe ulovleg og uregulert fiske. Eit sentralt verkemedel har vore den såkalla «svartelistinga» av fartøy som har drive uønska aktivitet i områder utanfor norsk jurisdiksjon. Dette gjeld då fartøy som fører utanlandsk flagg, då det i forhold til norske fartøy finnst andre sanksjonsmoglegheiter. Også når det gjeld brot på regelverket som har vore gjort av utanlandske fartøy i norske farvatn, er sanksjonsmoglegheitene klare. Fiskeridirektoratet påser at fartøy som har deltatt i uregulert fiske i internasjonalt farvatn blir nekta lisens i Noregs økonomiske sone. Vidare skal slike fartøy også nektast å føre norsk flagg.

6 Fiske etter avtalene i 1998 og 1999

I omtala av fisket etter avtalene for 1998 og 1999 har ein lagt hovudvekt på i kva grad Noreg og dei partane som blir tildelt kvotar i norske område, faktisk utnyttar desse kvotane.

Først blir norske kvotar i andre statar sine soner og utnyttinga av desse presenterte, jamfør punkt 5.1 nedanfor. Deretter, i punkt 5.2, blir andre statar sine kvotar i norske område og utnyttinga av desse kvotane presenterte. Kommentaranane med omsyn på kvoteutnytting omfattar berre åra 1998 og 1999.

I det følgjande blir omgrepet «fellesforvaltning» nytta om ein del sentrale artar. Fellesforvaltning tyder at to eller fleire land/samanslutningar av land har avtalt å forvalte ein art saman fordi arten opptrer i sonene til fleire land. Dette inneber at det i dei årlege kvoteforhandlingane blir avtalt totalkvote for arten, og TAC blir fordelt på dei aktuelle avtalepartane.

6.1 Norsk utnytting av kvotar

I avsnitt 5.1 og 5.2 er kvotane henta frå dei årlege kvoteavtalene, med eventuelle oppdateringar. Med mindre noko anna er sagt er fangsttala baserte på kva fartøya har rapportert fiska frå dei ulike jurisdiksjonsområda, anten til Fiskeridirektoratet eller til ansvarlege i 3. land, dvs. styresmaktene i kyststaten (dette er hovudregelen). Desse tala kan avvike frå dei tala i sluttsetelstatistikken som viser utlossa kvanta i motsetnad til dei kvanta som er rapporterte frå fiskefelte. Symbolet (-) i tabellane tyder anten ingen fangst eller ingen kvote.

6.1.1 Noreg - Russland

6.1.1.1 Fellesbestandane

Noreg og Russland har felles forvaltning for artane torsk, hyse og lodde. Noregs kvotar (etter overføringar til 3. land) og fangstar ¹⁾ av desse bestandane går fram av tabell 5.1. Delar av dei norske kvotane for desse bestandane kan fiskast i russisk økonomisk sone, sjå tabell 5.2.

Tabell 6.1: Oversikt over norske kvotar etter overføring til 3. land) og fangst på fellesbestandane i Barentshavet

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	1998	1999	1998	1999
Torsk	313.000	236.500	311.312	243.849
Hyse ¹	66.000	41.000	75.317	47.866
Lodde	-	48.000	-	50.036

¹ 5.000 tonn kysthyse som årleg er reservert for norske fartøy er ikkje inkludert i hysekvoten.

I tillegg til dei bilateralt avtalte kvotane av torsk og hyse, kjøpte norske reiarlag torsk og hyse frå Russland både i 1998 og 1999. I 1998 utgjorde kvotekjøpet frå Russland 17.000 tonn torsk og 3.000 tonn hyse, og i 1999 17.200 tonn torsk og 2.600 tonn hyse. Det blei også tatt fangstar av torsk og hyse til for-

¹⁾ Desse fangstane er frå sluttsetelstatistikken til Fiskeridirektoratet.

sking. Både fangstar på kvotar kjøpt frå Russland og forskingsfangst er inkluderte i fangsttala. Når desse tilhøva blir tatt omsyn til, blir det tilsynelatande overfisket av hyse i 1998 og 1999 redusert til berre eit mindre kvantum.

Tabell 6.2: Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i russisk økonomisk sone

Omrde/art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	1998	1999	1998	1999
RØS:				
Torsk	150.000	150.000	18.793	6.163
Hyse	25.000	25.000	4.464	2.412
Haneskjel	-	-	-	-
Reker	3.000	3.000	2.021	329
Grønlandssel	5.000	5.000	832	
Lodde	-	32.000	-	-
Bifangstkvote	.000	3.000	1.856	179

6.1.1.2 Kommenterarar til oversikta

Av fangstane nord om 62° N fiska Noreg i 1998 6,0 % av torskefangstane og 5,9 % av hysefangstane i RØS. Tilsvarende tal for 1999 var 3,1 % for torsk og 5,9 % for hyse. Noreg tar altså relativt små fangstar av torsk og hyse i RØS, sett i høve til dei totale norske fangstane.

Noreg sin haneskjelkvote var ikkje talfesta i 1998 og 1999. Fisket skal vere eit prøvafiske i eit nærmare avgrensa område. Vilkåra for dette fisket skal avtast nærmare mellom Noreg og Russland. Slike vilkår blei ikkje fastlagde i 1998 og 1999.

I 1998 var 30 reketrålalarar med i fisket etter reker i RØS, mens berre 7 fartøy deltok i 1999.

6.1.2 Noreg - EU

6.1.2.1 Fellesbestandane

Noreg og EU har felles forvaltning for artane torsk, hyse, sei, kviting, raudspette, sild og makrell sør for 62° N. Delar av dei norske kvotane for konsumfiskbestandane kan fiskast i EU si sone av Nordsjøen (sjå tabell 5.4).

Tabell 6.3: Norske kvotar (etter overføringar til EU og 3. land) og fangstar¹ på fellesbestandene i Nordsjøen

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	1998	1999	1998	1999
Torsk	14.110	11.770	5.749	8.717
Hyse	23.050	14.120	3.010	3.923
Sei	45.440	52.200	49.567	55.574
Kviting	6.000	4.400	64	79
Raudspette	3.090	3.375	1.004	971
Makrell	112.180	112.180	103.710	106.710

Tabell 6.3: Norske kvotar (etter overføringar til EU og 3. land) og fangstar¹ på fellesbestandene i Nordsjøen

Nordsjøsild	71.910	74.800	70.908	70.175
-------------	--------	--------	--------	--------

¹ Disse fangstane er *foreløpig statistikk* frå sluttsetelstatistikken til Fiskeridirektoratet.

Kvotane og fangstane av sei og makrell omfatta Skagerrak i tillegg til Nordsjøen.

Noreg sine kvotar av sei, makrell og sild blei godt utnytta dei to åra. Dei store makrellfangstane må sjåast i samanheng med at Noreg hadde høve til å overføre makrellkvotar tildelt i andre område, til fiske i Nordsjøen (ICES område IVa). Inntil 60.000 tonn av makrellkvoten nord om 62° N kunne såleis fiskast i den nordlege delen av Nordsjøen både i 1998 og 1999. Likeins kunne makrellkvoten vest av 4° V på 12.020 tonn både i 1998 og i 1999, fiskast i den nordlege delen av Nordsjøen. Dette forklarar også den låge utnyttinga av Noreg sin makrellkvote vest av 4° V (sjå tabell 5.4).

Noreg fiskar også norsk vårgytande sild (NVG-sild) i Nordsjøen i perioden januar - mai. Totaltala i Nordsjøen for alle sortar sild for åra 1998 og 1999 er 97.620 tonn og 102.796 tonn.

Makrell- og sildekquotane blir fordelte mellom ringnotfartøya, trålarane og kystfartøya. Fangsttala inneheld ikkje norske bifangstar frå industritrålfisket. Bifangstane varierer frå år til år i storleik og art. Frå slutten av 1980-talet har sild utgjort det største innslaget av bifangst i leveransane til oppmaling.

6.1.2.2 Norske kvotar i EU sine farvatn (EUF), og inkludert kvotane tildelt

Noreg frå EU i grønlandske farvatn (EUGRL), med tilhøyrande fangstar

Noreg fekk tildelt kvotar av blåkveite og kveite for fiske i grønlandsk sone både av EU og Grønland. For desse artane gjer ein den føresetnaden at EU-kvoten først blir utnytta. Noreg nyttar desse kvotane i så stor grad, at med denne føresetnaden blir talet for fangst av blåkveite lik kvotetala slik dei fremgår av tabell 5.4. Eventuelle fangstar ut over EU-kvotane blir avrekna mot Noreg sine kvotar tildelt av Grønland (sjå tabell 5.6).

For fellesbestandane merka (*) avtaler EU og Noreg storleiken på TAC for kvar bestand, fordeling av TAC på dei to partane, eventuelle kvotebyte og kor mykje partane kan fiske i dei respektive sonene.

Tabell 6.4: Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i EU sine farvatn og tildelte kvotar frå EU i Grønlandske farvatn

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	1998	1999	1998	1999
EUF, NORDSJØEN:				
Torsk*	14.800	12.510	1.458	2.628
Hyse*	15.000	10.000	529	639
Sei*	45.000	50.000	18.202	13.021
Kviting*	6.000	4.400	21	19
Raudspette*	3.090	3.375	634	537
Makrell*	40.400	40.400	-	330

Tabell 6.4: Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i EU sine farvatn og tildelte kvotar frå EU i Grønlandske farvatn

Sild*	50.000	50.000	27.124	25.420
Augepål	20.000	20.000	-	-
Tobis	30.000	30.000	6.090	29.255
Brisling	19.000	19.000	16.900	19.008
Reke	100	100	-	1
Hestmakrell	5.000	2.000	365	690
Andre artar	5.000	5.000	3.538	4.119
EU, V 4° V:				
Makrell	12.020	12.020	-	-
Sild	3.000	2.400	2.056	810
Kolmule	245.000	235.000	246.581	212.670
Blålange	3.000	3.000	27	122
Lange	13.000	13.000	9.432	8.234
Brosme	7.000	7.000	2.966	3.194
Pigghå	600	600	0	1
Brugde (lever)	100	100	-	-
Håbrann	200	200	11	11
Kombinert kvote	1.400		-	
Blåkveite	1.500	1.055	933	1.151
Andre artar	3.000	3.000	699	550
EUGRL, VESTGRØNLAND:				
Blåkveite	1.000	950	1.000	950
Kveite	200	200	-	9
Skolest/Isgalt	800	800	15	
EUGRL, AUSTGRØNLAND:				
Reker	2.500	2.500	1.309	1.137
Blåkveite	1.150	1.300	1.150	1.065
Kveite	200	200	200	200
Uer	1.000	1.000	814	1.000
Lodde	16.000	10.000	65.900 ¹	10.800

¹ I følgje trepartsavtalen kan norske fartøy fiske fritt i Grønlands sone innafor den norske loddekvoten. Fangsttalet er totalfangst i Grønlands sone. For nærmare informasjon sjå punkt 5.1.6. og tabell 5.8.

6.1.2.3 Kommenterarar til oversikten

Augepål/tobis: I den delen av Nordsjøen som omfattar EU-farvatn kunne norske fartøy til saman fiske 50.000 tonn av industriartane augepål (inkludert uunngåeleg fangst av hestmakrell), kolmule og tobis i både 1998 og 1999. Det

er den norske industritrålarflåten (omlag 60 - 70 fartøy) som fiskar på denne kvoten. Inntil 10.000 tonn augepål kunne fiskast i EU-farvatn vest av 4° V både i 1998 og 1999. Dette skulle avreknast den samla industrikvoten for augepål, kolmule og tobis på 50.000 tonn. Det blei ikkje fiska augepål vest av 4° V, kor-
kje i 1998 eller 1999.

Norske fartøy kunne i tillegg fiske på desse artane utan avgrensingar i norsk økonomisk sone. Samla fiska dei norske industritrålarane 27.600 tonn augepål og 342.900 tonn tobis i Nordsjøen i 1998. Tilsvarende tal for 1999 var 51.000 tonn augepål og 187.600 tonn tobis. 1998-kvantumet av tobis var uvanleg stort. Fisket i EU-sona utgjorde altså for begge desse artane berre ein liten del av totalfangsten av tobis, medan det ikkje blei fiska augepål i EU-sona av norske fiskarar.

Kolmule: Av Noregs kolmulekvote vest av 4° V kunne opptil 40.000 tonn fiskast i den nordlege delen av Nordsjøen (ICES område IVa) både i 1998 og 1999. Innanfor den samla kolmulekvoten kunne norske fartøy fiske inntil 9.000 tonn vassild både i 1998 og 1999. I tillegg fiska norske fartøy desse åra kolmule i internasjonalt farvatn vest av dei britiske øyane og i færøysk sone. I følgje norske sluttseteltal fiska dei norske fartøya totalt 571.125 tonn i 1998 og 534.196 tonn i 1999 i desse områda. Av dei 47 fartøya som har kolmuletrålkonsesjon deltok 43 fartøy både i 1998 og 1999.

Blålange/lange/brosme: Det var høve til å overføre 2.000 tonn mellom kvotane for lange, brosmes og blålange. Desse kvotane kunne berre fiskast med line vest av 4° V (ICES område Vb, VI og VII).

I fisket med line vest av 4° V kunne norske fartøy ha bifangst av andre fiskeslag med inntil 25 % til kvar tid. Bifangsten kunne likevel overstige 25 % i dei første 24 timane etter starten av fiske på eit fiskefelt. Den totale bifangsten av andre fiskeslag var avgrensa til 3.000 tonn.

Blålange, lange, brosmes, pigghå, brugde (lever) og håbrann kunne også fiskast i Nordsjøen (ICES område IV) i 1998 og 1999.

Kombinert kvote vest av 4° V: Kvoten galdt linefiske etter havmus, mora mora, skjellbrosme, isgalt, skolest og andre artar.

Andre artar (Nordsjøen): Kvoten omfattar fiske på artar der det ikkje er fastsett kvotar for Noreg i EU sine farvatn. Eit unntak er sjøtunge som norske fartøy ikkje har høve til å driva eit direkte fiske på.

Sild vest av 4° V: Kvoten var reservert for den norske ringnotflåten. I følgje sluttsetelstatistikken deltok 57 fartøy i 1998 mot 39 fartøy i 1999.

Blåkveitekvoten kunne fiskast i EU sine farvatn nord for 62° N og vest av 4° V. Fisket vest av 4° V kunne berre utøvast med line. Tala frå EU viste at norske fartøy i 1998 hadde fiska 933 tonn, og 1.151 tonn i 1999.

Loddefisket ved Jan Mayen/Island/ Grønland blir nærmare omtalt i punkt 5.1.6.

6.1.3 Noreg - Færøyane

Tabell 6.5: Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i færøysk sone (FS)

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	1998	1999	1998	1999

Tabell 6.5: Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i færøysk sone (FS)

FS:				
Lange	3.600	4.000	2.704	2.348
Brosme	-	-	1.482	1.573
Sei	1.500	1.000	54	77
Blålange	-	-	55	86
Blåkveite	100	75	105	84
Håbrann / Pigghå	300	300	-	-
Breiflabb	100	100	0,7	1,0
Makrell	9.600	9.600	-	-
Hestmakrell	-	2.500	-	-
Kolmule	36.000	39.000	37.325	39.180
Brugde (lever)	100	100	-	-
Andre artar	-	-	2.067	973

6.1.3.1 Kommenterar til oversikten

Botnfiskkvoten: I 1998 hadde Noreg ein botnfiskkvote for lange, brosmes, sei og blålange på til saman 5.100 tonn i færøysk sone, herav maksimalt 1.500 tonn sei. I 1999 hadde Noreg ein kvote på 5.000 tonn, herav maksimalt 1.000 tonn sei. I tabell 5.5. står botnfiskkvoten oppført under lange og sei. Kvoten for botnfisk omfatta også bifangst av andre botnfiskartar, til saman opp til 1.200 tonn både for 1998 og for 1999. Fisket kunne drivast med seigarn og bankline, men sei kunne også fiskast med trål.

Norske fartøy hadde høve til å fiske 100 tonn blåkveite og 100 tonn breiflabb i 1998, og 75 tonn blåkveite og 100 tonn breiflabb i 1999 med garn i eit prøvafiske i færøysk sone. Eit fartøy var med i prøvafisket etter blåkveite både i 1998 og i 1999. I 1998 blei det tatt 105 tonn blåkveite i eit direkte fiske mot 75 tonn i 1999. Det resterande kvantumet er bifangst i fisket etter botnfisk.

Samla blei det fiska 5.102 tonn botnfisk i færøysk sone i 1998 og 5.057 tonn i 1999. Fangsten av blåkveite og breiflabb er ikkje med i desse fangsttala. I både 1998 og 1999 var 30 norske fartøy med i fiske på botnfiskkvoten i færøysk sone.

Fisket etter håbrann/pigghå var eit prøvafiske i 1998 og 1999. Norske fartøy starta ikkje eit slikt fiske.

Kolmule: Norske ringnotfartøy plar fiske kolmule i færøysk sone mot slutten av kolmulesesongen, det vil seie i april/mai. Utbreiinga og førekomstane av kolmule i færøysk sone varierer frå år til år. Norske fartøy fiska 37.325 tonn kolmule i 1998 og 39.180 tonn i 1999.

6.1.4 Noreg - Grønland

Tabell 6.6: Oversikt over Noregs kvotar og fangstar i grønlandsk sone

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	1998	1999	1998	1999
Vestgrønland:				

Tabell 6.6: Oversikt over Noregs kvotar og fangstar i grønlandsk sone

Blåkveite	600	600	404	449
Austgrønland:				
Blåkveite	200	200	8	-
Kveite	400	400	152	22
Uer	100	100	-	194
Vestgrønland og Austgrønland:				
Torsk	950	950	2	1

6.1.4.1 Kommenterar til oversikten

Fisket etter blåkveite med trål ved Vestgrønland måtte skje sør om 64° 30' N og med ei avgrensing på 6 fartøy i fiske samstundes i sona. Likeins kunne berre 85% av blåkveitekvotane fiskast med trål. Det deltok 4 trålarar og 1 linefartøy i fisket i 1998, medan det var 4 trålarar og 1 linefartøy med i fisket i 1999.

I fisket etter blåkveite ved Austgrønland deltok 8 linefartøy og 4 trålarar i 1998, mens 5 linefartøy og 4 trålarar deltok i 1999.

I 1998 var det 19 reketrålarar som tilfredsstilte krava til deltaking i dette fisket ved Austgrønland (kvoten er tildelt av EU, jamfør tabell 5.4), medan 18 reketrålarar tilfredsstilte krava i 1999. Maksimalt 15 fartøy kunne fiske etter reker samstundes i grønlandsk sone. 11 fartøy deltok i rekefisket i 1998 mot 10 fartøy i 1999.

I 1999 fiska Noreg 1.194 tonn uer av ein kvote på 1.100 tonn (samansett av 1.000 tonn uer tildelt Noreg for eit fiske i grønlandsk sone etter den bilaterale avtala med EU og 100 tonn frå Grønland), noko som var ei betre utnytting av kvoten enn i 1998. (Sjå også norske fangstar i Irmingerhavet, punkt 5.1.9).

I fisket etter kveite ved Austgrønland er det berre høve til å fiske med line. I 1998 fiska 8 linefartøy, og i 1999 fiska 11 linefartøy. 3 av desse linefartøy fekk både for 1998 og 1999 ein høgare fartøykvote fordi deira fiske var innretta mot kveite.

I dei siste åra har det ikkje vore mogleg å utnytte torskekvoten som følgje av den dårlege bestandssituasjonen for torsk ved Grønland (Aust- og Vestgrønland). Når situasjonen for bestanden betrar seg, vil dette kunne bli ein viktig kvote for norske fartøy. Noreg hadde også høve til å ha inntil 10 % samla bifangst av andre artar.

6.1.5 Noreg - Island, om fisket etter botnfisk ved Island, og fisket etter lodde

Tabell 6.7: Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar.

Art	Kvotar (tonn) 1999	Fangstar (tonn) 1999
Brosme, lange, blålange	500	497
Blåkveite	-	1

Tabell 6.7: Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar.

Kveite	-	8
Uer	-	9
Anna	-	89
Lodde	17.000	16.081 ¹

¹ Fangsttala er frå Norges Sildesalgslag.

6.1.5.1 Kommentaar til oversikten

I tillegg til kvoten på 500 tonn botnfisk hadde norske fartøy også høve til å ha inntil 25 % bifangst av andre artar. Kvoten på 17.000 tonn lodde er inkludert i den norske kvoten for loddeseongen 1999/2000.

6.1.6 Noreg - Grønland - Island, om loddebestanden ved Island, Grønland og Jan Mayen

I 1998 blei fisket opna 15. juli. I 1999 starta loddeseongen 20. juni. I følgje den gjeldande trepartsavtala for lodde er det ikkje tillate for norske fartøy å drive fiske etter 15. februar i den islandske sona. Både i 1998/1999 og 1999/2000 blei det fiska både om somaren og vinteren i motsetnad til sesongen 1997/1998.

Tabell 6.8: Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i dei to loddeseongane 1998/1999 og 1999/2000.

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	1998/1999	1999/2000	1998/1999	1999/2000
Lodde	112.000	107.000	102.394	38.149

6.1.6.1 Kommentaarar til oversikten

1998/1999 sesongen: Noreg hadde ein førebels kvote frå starten av sesongen på $(946.667^{2}) \times 12\%^{3}) + 16.000$ (frå EU) = 129.600 tonn. Seinare blei endeleg TAC for 1998/1999 sett til 1.200.000 tonn. Endeleg norsk kvote etter trepartsavtalen for sesongen 1998/99 blei då på 96.000 tonn. I tillegg kom 16.000 tonn fra Noreg-EU avtala, slik at samla norsk kvote var på 112.000 tonn.

1999/2000 sesongen: Noreg hadde ein førebels kvote frå starten av sesongen på 129.800 tonn $((856.667 \text{ tonn} \times 12\%) + 10.000 \text{ tonn (EU)} + 17.000 \text{ tonn («Smottholavtala»))$. Endeleg TAC for 1999/2000 blei seinare fastsett til 1.000.000 tonn. Endeleg norsk kvote etter trepartsavtalen for sesongen 1999/2000 blei då 80.000 tonn. I tillegg kjem 17.000 tonn frå «Smottholavtala» og 10.000 tonn frå Noreg-EU avtalen. Samla norsk kvote blei då 107.000 tonn.

Til saman blei det fiska 102.598 tonn i sesongen 1998/99 av totalt 80 konsesjonspliktige ringnotfartøy. Dei tilsvarande tala for 1999/2000 sesongen var 38.149 tonn. Totalt var det då 53 deltakende konsesjonspliktige ringnotfartøy.

²) Førebels TAC.

³) Den norske kvoten ved inngangen til sesongen er 12% av førebels TAC, og endeleg norsk kvote er 8% av endeleg TAC.

17.000 tonn frå «Smottholavtala» gjeld kalenderåret 1999. Det same gjeld EU-kvoten på 10.000 tonn. Trepartsavtalen gjeld sesongen 1999/2000. På bakgrunn av dette er det postulert at det først blir fiska på Islandselementet, så EU-kvoten og til sist kvoten etter trepartsavtalen.

6.1.7 Noreg - EU (Sverige - Danmark), om fisket i Skagerrak/Kattegat.

Torsk, raudspette og reker kan fiskast i Skagerrak. Dei øvrige artane i Skagerrakavtalen kan fiskast både i Skagerrak og Kattegat.

Tabell 6.9: Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar ¹

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	1998	1999	1998	1999
Torsk	650	620	305	345
Hyse	290	225	188	168
Sei	-	-	395	-
Kviting	280	145	16	15
Rauspette	220	220	59	66
Sild	10.670	10.670	10.557	-
Makrell	-	-	922	572
Brisling	3.000	3.750	1.200	192
Reker	6.130	6.130	6.515	3.985

¹ Fangsttala er førebels tall frå sluttseddelstatistikken til Fiskeridirektoratet.

6.1.7.1 Kommenterar til oversikten

Dei viktigaste fiskeria for Noreg i Skagerrak er fisket etter reker og sild.

Fangstane av torsk i tabellen omfattar berre fiske utanfor grunnlinja. I 1998 blei det fiska 975 tonn innanfor grunnlinja, mens det tilsvarende talet for 1999 var 788 tonn.

For sei og makrell blei kvotane fastsette i den bilaterale kvoteavtala mellom Noreg og EU. I 1998 og 1999 var det høve for norske fartøy til å fiske inntil 3.000 tonn makrell i Skagerrak. Det var norske kystfartøy som fiska makrell i Skagerrak.

I 1998 blei sildekvoten delt med 3.000 tonn til kystgruppa og det resterande kvantumet til ringnotgruppa. Same fordelinga galdt i 1999.

Brisling blei fiska av kystbrislingflåten, mens rekekvoten blei fiska av kystrekeetrålarane.

6.1.8 Norsk fiske i det nordvestlege Atlanterhavet.

Tabell 6.10: Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	1998	1999	1998	1999
Torsk	185		-	-

Tabell 6.10: Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar

Lodde	-	-	-	-
Reker	-	-	1.315	2.974

6.1.8.1 Kommenterar til oversikten

Det har ikkje vore fastsett loddekvote i NAFO-underområde 3NO sidan 1992. Då hadde Noreg ein loddekvote på 9.000 tonn i 3NO. Det har også dei seinaste åra vore forbod mot torskefiske.

Rekefisket i NAFO tok til våren 1993, då norske rekeetrålarar saman med rekeetrålarar frå Færøyane og Grønland starta fiske på rekefeltet ved Flemish Cap. Rekefisket ved Flemish Cap har utvikla seg til å bli eit viktig driftsalternativ for rekeflåten ved sidan av fisket ved Grønland. Dette til tross for at fangstkvantumet er redusert samanlikna med fangstnivået dei første åra etter at dette fisket tok til. Rekefisket blei innsatsregulert i 1996, og Noreg hadde i 1998 og 1999 ein kvote på 1.985 fangstdøgn med 32 fartøy. Totalt fiska 2 rekeetrålarar i 1998 og 1999, noko som er ein monaleg reduksjon frå åra 1993-1995, då det deltok mellom 15 og 27 fartøy. Tabell 5.10 viser likevel at fangstane auka mykje frå 1998 til 1999, noko som skuldast både betre fangstrate og lengre tid i fisket.

6.1.9 Norsk fiske i Irmingerhavet.

Tabell 6.11: Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	1998	1999	1998	1999
Uer	6.000	6.000	758	2.988

6.1.9.1 Kommenterar til oversikten

Fisket etter uer i Irmingerhavet var ikkje kvoteregulert før 1996. Av TAC i 1998 på 153.000 fekk Noreg 6.000 tonn, samt overføringar på 1.100 tonn frå andre avtalepartar. I 1998 deltok tre fartøy i uerfisket, mens fire fartøy var med i 1999.

6.1.10 Norsk vårgytande sild - Fempartsavtala

Frå og med 1997 blei firepartsavtala frå 1996 (Færøyane, Island, Russland og Noreg) utvida ved at EU også blei delaktig i prosessen med å fastsetje totalkvote, fordele denne og delta i fisket saman med dei fire andre partane. Avtalen frå 1997 blir kalt fempartsavtala.

Tabell 6.12: Oversikt over kvotar og fangstar ¹ i fempartsavtala

Nasjon	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	1998	1999	1998	1999
EU	109.000	109.000	91.665	94.792
Færøyane	71.000	71.000	68.649	56.090

Tabell 6.12: Oversikt over kvotar og fangstar¹ i fempartsavtala

Island	202.000	202.000	200.022	203.749
Noreg	741.000	741.000	743.000	744.875
Russland	177.000	177.000	128.357	157.329
Totalt	1.300.000	1.300.000	1.233.691	1.256.835

¹ Fangsttala er innhenta frå NEAFC.

Tabell 6.13: Oversikt over fangstar av norsk vårgytande sild i ulike soner i 1998

Nasjon	(a) ¹	EU	Færøyane	Island	Jan Mayen	Noreg	Totalt
EU	37.641	28.398	3.265	-	4.958	17.403	91.665
Færøyane	6.271	1.240	12.868	16.445	9.168	22.657	68.649
Island	22.338	-	64.819	26.598	79.357	6.910	200.022
Noreg	2.629	-	979	-	2.846	736.546	743.000
Russland	4.467	-	5.502	-	-	118.388	128.357
Totalt	73.346	29.638	87.433	43.043	96.329	901.904	1.231.693

¹ Definert som internasjonalt havområde

Tabell 6.14: Oversikt over fangstar av norsk vårgytande sild i ulike soner i 1999

Nasjon	(a)	EU	Færøyane	Island	Jan Mayen	Noreg	Totalt
EU	31.887	36.322	1.314		13.418	11.851	94.792
Færøyane	14.018	290	1.495	9.061	10.782	20.444	56.090
Island	29.787	-	-	180	173.782	-	203.749
Noreg	5.878	-	-	-	870	738.127	744.875
Russland	20.544	-	855	900	3.974	131.056	157.329
Totalt	102.114	36.612	3.664	10.141	202.826	901.478	1.256.835

6.1.10.1 Kommenterar til oversikten:

Det norske fisket etter norsk vårgytande sild i 1998 gjekk i hovudsak føre seg i norsk økonomisk sone, men det blei tatt vel 2.600 tonn i internasjonalt havområde, i overkant av 970 tonn i færøysk sone og vel 2.800 tonn i Jan Mayen sona. Noreg har i dei siste åra nytta kvoten sin fullt ut. I tillegg til å fiske i norsk sone i 1999, fiska norske fartøy 870 tonn ved Jan Mayen og knapt 5.900 tonn i internasjonalt havområde.

Det russiske fisket etter norsk vårgytande sild føregjekk i hovudsak i norsk økonomisk sone i 1998 og 1999. I 1998 fiska Russland dessutan 4.400 tonn i internasjonalt havområde og 5.500 tonn i færøysk sone mot 20.500 tonn og 855 tonn i dei same områda i 1999. Russland har ikkje nytta kvoten sin fullt ut.

Island fiska i 1998 nesten 7.000 tonn nvg-sild i norsk økonomisk sone, mens islandske fartøy ikkje fiska i NØS i 1999. Island fiska mindre i internasjonalt havområde i 1998 enn i 1999. I følge innrapporterte tal til norske styresmaktar auka dei islandske fangstane i Jan Mayen sona frå vel 84.000 tonn i 1998 til vel 186.000 tonn i 1999. I 1999 fiska islandske fartøy 180 tonn i si eiga sone.

Det færøyske fisket har føregått i dei fleste sonene i 1998 og 1999. Færøyske fartøy fiska bortimot heile sin kvote både i 1998 og 1999.

EU fiska ikkje heile kvoten korkje i 1998 eller 1999. Fartøy frå EU har drive fiske i alle sonene utanom den islandske sonen både i 1998 og 1999.

6.1.11 Norsk fangst av vågekval

Totalkvoten i 1998 blei fastsett til 671 dyr. Desse blei fordelt på følgjande geografiske område: Barentshavet, Jan Mayen, Svalbard, Vestfjorden og Nord-sjøen. Talet på deltakande fartøy har dei siste åra lege rundt 33-34. Totalkvoten for 1999 var 753 dyr. Fangstane utgjorde respektivt 624 dyr i 1998 og 589 dyr i 1999.

6.2 Utanlandsk utnytting av kvotar i norske jurisdiksjonsområde i 1998 og 1999

6.2.1 Russland - Noreg

6.2.1.1 Fellesbestandane

Noreg og Russland har som nemnt felles forvaltning for artane torsk, hyse og lodde. Følgjande oversikt for 1998 og 1999 viser Russland sine kvotar og fangstar av desse artane etter overføring frå Russland til Noreg, men før kvotetildeling frå Russland til 3. land. Russisk forskingsfangst framgår ikkje av tala.

Tabell 6.15: Russiske kvotar og fangstar¹ på fellesbestandane i Barentshavet, etter overføring til Noreg og før overføring til tredjeland

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	1998	1999	1998	1999
Torsk	301.000	184.500	244.115	210.374
Hyse	58.000	33.000	20.559	30.520
Lodde	-	32.000	-	32.485

¹ Tala er førebels tal rapporterte frå russiske styresmakter til norske styresmakter.

Tabell 6.16: Oversikt over Russland sine kvotar og fangstar i norske jurisdiksjonsområde

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	1998	1999	1998	1999
NØS N 62° N:				
Torsk	150.000	150.000	43.922	61.556
Hyse	25.000	25.000	7.000	7.381
Sei	3.500	2.500	3.701	3.070
Blåkkeite	-	-	446	791
Steinbit	2.000	2.000	1.395	2.204
Uer	750	750	646	662
Snabeluer	3.050	2.750	3.153	1.856
Kolmule	50.000	50.000	15.457	16.770

Tabell 6.16: Oversikt over Russland sine kvotar og fangstar i norske jurisdiksjonsområde

Lodde	-	32.000	-	4.615
Sild	141.500	130.000	121.767	131.456
Andre artar	3.000	3.000	496	1.148
Fiskerisonen ved Jan Mayen:				
Reker	750	750	-	-
Sild	11.000	11.000	-	4.075

6.2.1.2 Kommenterar til oversikten

Russland sin kvote av torsk i NØS blir nytta godt. Av kvoten i 1998 blei 29,3 % fiska, tilsvarende tal for 1999 var 41,0 %.

Russland hadde ei utnytting av sin kvote av hyse i NØS på 28 % i 1998 og på 29,5 % i 1999.

Kvotane for sei, steinbit og uer er bifangstkvotar.

Kolmulekvoten kan også fiskast i fiskerisona ved Jan Mayen. I 1999 fiska Russland 163 tonn kolmule i fiskerisona ved Jan Mayen.

Russland utnytta kvotane for norsk vårgytande sild i norsk sone fullt ut i 1999 i motsetnad til i 1998.

Kvoten av andre artar for 1998 og 1999 er ikkje spesifisert.

6.2.2 EU - Noreg

6.2.2.1 Fellesbestandane

I Nordsjøen har Noreg og EU som nemnt felles forvaltning for artane torsk, hyse, sei, kviting, raudspette, sild og makrell. Delar av EU sine kvotar for konsumartane kan fiskast i NØS, sjå tabell 5.18. EU sine kvotar og fangstar ⁴⁾ av desse bestandane etter overføring frå Noreg til EU, men før kvotetildeling frå EU til 3. land i 1998 og 1999 var følgjande:

Tabell 6.17: EU sine kvotar og fangstar på fellesbestandane i Nordsjøen etter overføring frå Noreg til EU og før overføring til tredjeland

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	1998	1999	1998	1999
Torsk	125.200	119.890	123.438	79.462
Hyse	91.050	73.680	72.557	61.046
Sei	46.560	52.800	46.763	47.774
Kviting	54.000	39.600	23.657	26.333
Raudspette	83.910	98.625	74.970	83.494
Makrell	20.190	20.190	21.492	32.647
Sild	180.340	188.150	161.839	178.303

Kvotane omfattar Nordsjøen og Skagerrak. EU nytta i 1998 kvotane av sei og makrell fullt ut. I 1999 blei makrellkvoten fullt utnytta. Også sei- og silde-

⁴⁾ Fangsttala er frå EU-kommisjonen.

kvotane blei godt utnyttat. EU sine fangstar av makrell blir kommentert i punkt 5.2.2.2.

Tabell 6.18: Oversikt over EU sine kvotar og fangstar i norske jurisdiksjonsområde

Område/ art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	1998	1999	1998	1999
NØS, N 62° N:				
Torsk	27.080	19.870	21.310	18.306
Hyse	2.500	1.700	2.038	1.160
Sei	4.000	3.100	4.116	3.262
Blåkveite	100	100	181	141
Uer	1.750	1.750	481	451
Snabeluer	1.750	1.750	324	317
Makrell	12.020	12.020	-	-
Andre artar	700	700	269	90
NØS, Nordsjøen ¹ :				
Torsk*	60.490	60.450	25.126	15.609
Hyse*	61.900	50.750	15.811	14.448
Sei*	46.120	51.100	18.455	21.295
Kviting*	25.190	25.190	1.092	1.216
Raudspette*	40.000	40.000	5.668	5.053
Makrell*	20.430	20.430	24.381	23.889
Sild*	50.850	50.850	25.531	15.895
Augepål	50.800	50.800	18.863	16.628
Kolmule	-	-	43.585	44.369
Tobis	150.000	150.000	124.768	15.574
Reke	1.265	1.265	623	933
Andre arter	11.190	11.190	8.931	8.923
Fiskerisonen ved Jan Mayen:				
Kolmule	1.000	1.000	-	-

¹ EU sine kvotar i norsk jurisdiksjonsområde, her Nordsjøen, er både i 1998 og i 1999 sett saman frå to kvoteavtaler, nemleg avtale mellom EU-Noreg og avtale mellom Sverige-Noreg for å kunne samanlikna kvotane med fangsttala i tabell 5.17. Avtala mellom Sverige og Noreg er dessutan presentert under punkt 5.2.7.

Som nemnt i punkt 5.1.2.2 om norske kvotar på fellesbestandane merka (*) i EU-sona syner tabell 5.18 på tilsvarende måte kor mykje EU og Noreg er samde om at EU-fartøy kan fiske i NØS.

6.2.2.2 Kommenterar til oversikten

Frå og med 1998 har EU ein kvote av torsk nord om 62° N som tilsvarende 4,14% av TAC for norsk-arktisk torsk.

EU sin makrellkvote nord om 62° N kunne også fiskast sør om 62° N i ICES-område IVa i 1998 og 1999. Dette forklarar avvika mellom kvotetal og fangsttal for Nordsjøen.

EU sin kvote av blåkveite og samlekvoten for andre artar nord for 62° N er bifangstkvotar.

I begge åra har EU nytta torsk-, sei-, hyse- og blåkveitekvotane nord om 62° N svært godt.

EU sine fangstar i NØS sør for 62° N som andel av EU sine samla fangstar utgjer i 1998 og 1999 følgjande prosent, for torsk 20 % og 20 %, for hyse 22 % og 24 %, for sei 39 % og 45 %, for kviting 5 % og 5 % og for raudspette 8 % og 6 %.

EU sin samla makrellkvote i NØS var 32.210 tonn i 1998 og i 1999. EU utnytta 76 % av denne kvoten i 1998 og 74 % i 1999.

EU sine fangstar av sild i NØS i Nordsjøen av samla fangstar utgjer 18 % i 1998 og 17 % i 1999.

Augepålkvoten gjeld augepål og kolmule. Ved fiske etter augepål/kolmule og/eller tobis kan den einskilde kvoten overskridast med inntil 40.000 tonn under føresetnad av at samla fangst av augepål/kolmule og tobis ikkje overstig 200.000 tonn. EU si utnytting av industrikvoten på 200.000 tonn var respektive 94 % i 1998 og 38 % i 1999.

EU hadde ei utnytting på 80 % av kvoten andre artar i Nordsjøen både i 1998 og 1999.

6.2.3 Færøyane - Noreg

Tabell 6.19: Oversikt over Færøyane sine kvotar og fangstar i norske jurisdiksjonsområde

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	1998	1999	1998	1999
NØS, N 62° N:				
Torsk	4.100	5.302	4.115	5.302
Hyse	800	397	788	397
Sei	-	179	366	179
Blåkveite	-	-	37	91
Uer	570	-	98	37
Kolmule	1.000	4.000	-	-
Lodde	-	-	-	-
Makrell	3.950	3.950	-	-
Andre artar	250	200	22	87
NØS, Nordsjøen:				
Sei	1.380	1.771	1.304	1.201
Sild	900	1.200	847	844
Augepål	29.000	29.000	5.704	2.438
Makrell	-	-	4.139	4.174
Hestmakrell	5.000	6.000	-	1.065
Håbrann/pigghå	300	300	-	-

Tabell 6.19: Oversikt over Færøyane sine kvotar og fangstar i norske jurisdiksjonsområde

Andre artar	-	-	261	668
Fiskerisonen ved Jan Mayen:				
Kolmule	1.000	1.000	-	-

6.2.3.1 Kommenterarar til oversikten

Færøyane sine kvotar av torsk, hyse og uer nord om 62° N var samansett av kvotane frå Noreg og tildelingar frå Russland. Etter avtale med Noreg kan delar av dei russiske kvotane fiskast i NØS. I 1998 utgjorde kvotane frå Noreg 2.600 tonn torsk, 550 tonn hyse og 250 tonn andre artar, medan kvotane frå Noreg representerte 2.000 tonn torsk, 350 tonn hyse og 200 tonn andre artar i 1999. Differansen mellom kvotane i oversikten i tabell 5.19 og kvotane frå Noreg representerer altså det kvantum Færøyane kunne fiske av russisk til-delte kvotar i NØS.

Makrellkvoten til Færøyane kunne også fiskast i NØS i den nordlege delen av Nordsjøen (ICES område IVa). I praksis har kvoten dei siste åra vore fiska i Nordsjøen.

Færøyane sin seikvote sør for 62° N inkluderer bifangst av sei i andre fiskeri. Det same gjeld for sildekvoten. Augepålkvoten på 29.000 tonn både i 1998 og i 1999, omfattar også tobis, kolmule og maksimalt inntil 2.000 tonn brisling. I tabellen er fangstane av augepål, kolmule og tobis samla under augepål. Færøyane fiska ikkje brisling i NØS i 1998, men tok 450 tonn i 1999. Augepålkvoten dekkjer også bifangst av andre artar bortsett frå sei og sild.

Kvotane på 6.000 tonn hestmakrell og 300 tonn håbrann/pigghå kan også fiskast nord for 62°N.

Både i 1998 og 1999 har Færøyane fiska kvotane av torsk og av hyse i NØS nord om 62° N. Makrellkvoten blei oppfiska både i 1998 og i 1999. Seikvotane i Nordsjøen blei nytta fullt ut i 1998, medan det gjenstod ein del av kvoten for 1999.

6.2.4 Grønland - Noreg

Tabell 6.20: Oversikt over Grønland sine kvotar og fangstar i norske jurisdiksjonsområde

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	1998	1999	1998	1999
NØS, N 62° N:				
Torsk	3.620 ¹	2.430	3.759	2.181
Hyse	550	350	641	252
Sei		700		655
Andre artar	520	850	495	742
NØS, Nordsjøen:				
Torsk	200	200	-	-
Sei	800	800	-	-
Andre artar	-		-	-

¹ Av dei 3.620 tonn er det inkludert ei overføring på 1.000 tonn torsk og hyse (samla) frå Russland.

6.2.4.1 Kommenterarar til oversikten

I NØS nord om 62° N har Grønland nytta torske- og hysekvotane omlag fullt ut i 1999, mens desse kvotane blei overfiska noko i 1998.

Torsk, hyse, sei og annan botnfisk i Nordsjøen: I NØS sør for 62° N hadde Grønland i 1998 og 1999 ein kvote på 1.000 tonn torsk, hyse og sei samla. Av dette kunne torsk utgjere maksimalt 200 tonn. Grønland har ikkje fiska i Noregs økonomiske sone av Nordsjøen i 1998 eller i 1999.

6.2.5 Island - Noreg

Island fekk ein torskekvote på 4.450 tonn i NØS nord for 62° N i 1999 etter at «Smottholavtala» blei inngått våren 1999.

Tabell 6.21: Oversikt over Island sine kvotar og fangstar i 1999.

Art	Kvotar (tonn) 1999	Fangstar (tonn) 1999
Torsk	4.450	1.931
Hyse	-	9
Sei	-	146
Anna	-	58

6.2.6 EU (Sverige - Danmark) - Noreg, om fisket i Skagerrak/Kattegat

Torsk, raudspette og reker kan fiskast berre i Skagerrak. For dei øvrige artane gjeld kvotane både Skagerrak og Kattegat.

Tabell 6.22: Oversikt over EU sine kvotar og fangstar

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	1998	1999	1998	1999
Torsk	19.350	18.380	14.368	9.515
Hyse	6.710	5.175	3.782	1.213
Kviting	14.920	7.855	111	134
Raudspette	10.980	10.980	6.326	6.281
Sild	69.330	69.330	69.074	58.293
Brisling	37.000	46.250	28.870	30.559
Reker	7.030	7.030	4.999	3.249

6.2.6.1 Kommenterarar til oversikten

Det er i hovudsak Danmark og Sverige som fiskar på desse kvotane, men for enkelte artar har også andre EU-land mindre kvotar. Til dømes har Nederland raudspettekvote i Skagerrak.

Dei fleste artane er godt utnytta. Til dømes nytta EU 74 % av torskekvoten i 1998 og 52 % i 1999, 56 % av hysekvoten i 1998 og 23 % i 1999, 58 % av raudspettekvoten i 1998 og i 1999, 99 % av sildekvoten i 1998 og 84 % i 1999, og 78

% av brislingkvoten i 1998 og 66 % i 1999. I 1998 nytta EU 71 % av rekekvoten i Skagerrak/Kattegat og 46 % av denne kvoten er nytta i 1999.

På autonomt grunnlag kvoteregulerer EU også andre bestandar enn dei som det er fastsett kvotar på gjennom avtalen om regulering av fiskebestandane i Skagerrak/Kattegat. Desse er tunge, lysing og sjøkreps.

6.2.7 Sverige - Noreg

Tabell 6.23: Oversikt over Sverige sine kvotar og fangstar i norske jurisdiksjonsområde

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	1998	1999	1998	1999
NØS, Nordsjøen:				
Torsk	490	540	504	547
Hyse	900	750	434	677
Sei	1.120	1.100	1.391	1.572
Kviting	190	190	70	61
Augepål	800	800	1.096	452
Makrell	240	240	2.371	2.093
Sild	850	850	1.483	891
Reke	185	185	185	178
Andre artar	-	-	174	342

6.2.7.1 Kommenterar til oversikten

I oversikten er fangstane av kviting og lyr samla under kviting. Fangstane av lyr utgjorde 70 tonn i 1998 og 61 tonn i 1999. Altså har svenskane ikkje fiska kviting dei to siste åra. Augepålkvoten til Sverige omfattar også annan industrifisk (kolmule, tobis, brisling og hestmakrell), av dette kunne det fiskast maksimalt 400 tonn hestmakrell. I tabellen er fangstane av augepål, kolmule, tobis og hestmakrell samla under augepål. Med unntak for hestmakrell har svenske fartøy fiska svært lite industrifisk i NØS. I 1998 fiska svenske fartøy 1.089 tonn tobis og i 1999 fiska dei 448 tonn. Svenske fartøy fiska ikkje hestmakrell i NØS i 1998, men fiska 97 tonn i 1999.

I samband med at Sverige blei medlem i EU frå 1. januar 1995, fekk svenske fartøy høve til å fiske i NØS i Nordsjøen på EU sine kvotar av torsk, hyse, sei, kviting, makrell og sild i medhald av avtalen mellom EU og Sverige. Sverige sine kvotar tildelt av EU forklarar kvifor Sverige tilsynelatande har overfiska nokre av kvotane som er presenterte i tabell 5.23.

I hovudsak er det svenske fisket konsentrert om kvotane sine av torsk, sei, makrell, sild og reke.

6.2.8 Polen - Noreg

Tabell 6.24: Oversikt over Polen sine kvotar og fangstar i norske jurisdiksjonsområde

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	1998	1999	1998	1999

Tabell 6.24: Oversikt over Polen sine kvotar og fangstar i norske jurisdiksjonsområde

NØS, N 62° N:				
Kolmule	3.000	3.000	-	-
Andre artar	100	100	-	-
NØS, Nordsjøen:				
Torsk	-		24	19
Sei	800	865	823	862
Andre artar	80	85	32	47
Fiskerisonen ved Jan Mayen:				
Kolmule	5.000	5.000	-	-

6.2.8.1 Kommenterar til oversikten

Kvoten av andre artar nord for 62° N gjeld bifangst i fiske etter kolmule.

Frå og med 1995 blei Polen sitt kvotearrangement i Nordsjøen endra. Botnfiskkvoten blei da omgjort til ein seikvote, der det var tillate med inntil 10 % bifangst av andre artar i fisket etter sei.

Polske fartøy er primært interesserte i sei. Polakkane har utnytta seikvoten godt både i 1998 og 1999. Det var eit visst overfiske av seikvoten i 1998.

Fiskeridepartementet

tilrår:

Tilråding frå Fiskeridepartementet av 16. juni 2000 om dei fiskeriatvalene Noreg har inngått med andre land for 2000 og fisket etter avtalene i 1998 og 1999, blir send Stortinget.

Vedlegg 1**Protokoll for den 28. sesjon i den blandete norsk-russiske fiskerikommisjon****1.1 Åpning av sesjonen**

Den 28. sesjon i Den blandete norsk-russiske fiskerikommisjon ble avholdt i Murmansk 15.-19. november 1999. Den norske delegasjon ble ledet av J. Krog, representant for Kongeriket Norges regjering i Den blandete norsk-russiske fiskerikommisjon, departementsråd i Det kgl. Fiskeridepartement. Den russiske delegasjon ble ledet av Ju. P. Sinelnik, representant for Den russiske føderasjons regjering i Den blandete norsk-russiske fiskerikommisjon, fungerende formann i Den russiske føderasjonens statskomité for fiskerier.

Partenes delegasjoner fremgår av vedlegg 1.

1.2 Dagsorden

Partene godkjente dagsorden, jf vedlegg 2.

1.3 Arbeidsgrupper

I samsvar med § 3 i Forretningsordenen for Den blandete norsk-russiske fiskerikommisjon oppnevnte partene felles arbeidsgrupper for:

- statistikk
- sel i det nordøstlige Atlanterhav
- forskningssamarbeid.
- sorteringssystemer
- protokoll

1.4 Utveksling av fangststatistikk for 1998 og 1999

Partene utvekslet på omforente skjemaer fangststatistikk over fisket i Barentshavet og Norskehavet i 1998 og hittil i 1999. Partene konstaterte at de statistiske opplysningene var presise og sammenfallende.

Partene var enige om å videreføre den regelmessige utveksling av månedlig fangststatistikk for fisk og reker fordelt på ICES-områder.

1.5 Regulering av fisket etter torsk og hyse i 2000

1.5.1 Fastsettelse av totalkvoter og fordeling av kvoter

Partene var enige om at det er en usikkerhet i bestandsanslaget for norsk arktisk torsk, og understreket sterkt behovet for økt forskningsinnsats og tokt i hele bestandens utbredelsesområde for å få mer eksakte resultater. Partene viste til at Det internasjonale råd for havforskning (ICES) også har påpekt at manglende toktdekning setter grunnlaget for den vitenskapelige rådgivning i fare.

Partene var enige om at det er behov for å videreutvikle omforente langsiktige strategier for forvaltning av fellesbestandene i Barentshavet. Partene bekreftet målsettingen om raskt å bygge gytebestanden av torsk opp til 500.000 tonn og å bringe fiskedødeligheten ned på et nivå under Fpa-0,42.

Partene var enige om å be ICES foreta en revisjon av bestandsberegningene for torsk i mai 2000, når resultatene fra vinterens og vårens forskningstokt foreligger. Dersom en slik revidert beregning viser at bestandssituasjonen er bedre enn det som her er lagt til grunn, skal partene avholde et ekstraordinært møte i Kommisjonen i juni, der en økning av TAC på inntil 30.000 tonn kan vurderes. Totalkvoten av torsk (inklusive kysttorsk) for år 2000 vil i så fall kunne økes til 460.000 tonn.

Partene fastsatte totalkvoter for torsk og hyse for 2000 samt fordeling av disse på Norge, Russland og tredjeland slik det fremgår av vedlegg 3. Fordeling av tredjelandskvoten på soner for 2000 er gjengitt i vedlegg 4.

Fra norsk side vil en påpeke at kvotenivået for torsk i henhold til denne avtalen er bekymringsfullt høyt i forhold til foreliggende bestandsberegning og rådgiving fra ICES. Hensyn tatt til fiskerienes betydning for den vanskeligstilte befolkning i Nordvest-Russland, og behovet for en samlet forvaltning i hele bestandens utbredelsesområde, har den norske part likevel funnet å kunne inngå denne avtalen.

Partene ble enige om gjensidige kvoter av torsk og hyse i hverandres økonomiske soner, jf vedlegg 5.

Partene var enige om at de ved behov vil vurdere mulighetene for gjensidige overføringer av kvoter for torsk, hyse og andre fiskeslag i løpet av 2000 og mulighetene for å gi adgang for økning av partenes kvoter i hverandres soner.

Fiske med garn, line og håndredskap skal gjennomføres innenfor de kvoter partene har fastsatt.

Partene var enige om å konsultere hverandre om eventuelle overføringer av kvoter tildelt tredjeland av Norge eller Russland til den annen parts sone.

Partene var videre enige om å konsultere hverandre om kvoter som tildeles tredjeland av fellesbestander, herunder om de kvanta som tildeles innenfor kommersielle prosjekter.

1.5.2 Andre tiltak

Tekniske regulerings tiltak fremgår av vedlegg 7.

Partene ba Det permanente utvalg utarbeide forslag til harmoniserte regler i torskefisket for maskevidde, minstemål og innblanding av fisk under minstemål etc. innen neste møte i kommisjonen.

Partene orienterte hverandre om resultatene av gjennomførte forsøk med sorteringssystemer. Partene var enige om å fortsette arbeidet med utvikling av seleksjonsteknologi i fiskeredskaper.

Partene var enige om å utveksle informasjon om det biologiske grunnlagsmateriale for stengning og åpning av fiskefelt på omforent skjema utarbeidet av Det permanente utvalg.

1.6 Spørsmål vedrørende forvaltningen av norsk vårgytende sild i 2000

Partene uttrykte tilfredshet med avtalen om forvaltning av norsk vårgytende sild i 2000 som ble inngått på grunnlag av 5-parts konsultasjoner i Torshavn 20. oktober 1999. Innenfor rammen av den nevnte 5-parts avtalen og den bilaterale avtalen mellom Norge og Russland, vil Russland i 2000 få adgang til å fiske 125.000 tonn norsk vårgytende sild i Norges økonomiske sone nord for 62° N og 10.600 tonn i fiskerisonen ved Jan Mayen. Russland vil av sin kvote avgi et kvantum på 1.900 tonn til Norge.

Den norske part opplyste at vestgrensen for området som er opprettet for å verne ungsild før sesongstart vil bli vurdert justert slik at et eventuelt fiske på voksen sild ikke blir hindret, samtidig som behovet for vern av ungsild blir ivarettatt.

1.7 Regulering av fisket etter lodde i 2000

Partene konstaterte at loddebestanden er økende, og var enige om å åpne for et fiske etter vinterlodde i 2000.

Totalkvote og fordeling mellom partene fremgår av vedlegg 3.

Tekniske reguleringstiltak fremgår av vedlegg 7.

Partene var enige om gjensidig adgang til hverandres soner for å kunne fiske sine kvoter fullt ut.

1.8 Regulering av fisket etter andre bestander i 2000

Kvoter på andre bestander og tekniske reguleringstiltak fremgår av vedleggene 6 og 7.

Partene var enige om at beskatning av fiskebestander som ikke er kvoteregulert, bare kan skje som bifangst ved fiske av kvoteregulerte fiskeslag. Partene var enige om gjensidige bifangstkvote i hverandres økonomiske soner. Disse bifangstkvote kan bli økt dersom hensynet til den praktiske avvikling av fisket tilsier det. Partene vil så snart som mulig behandle anmodninger om å øke bifangstkvote.

1.8.1 Blåkveite

Den norske part opplyste at det, med unntak for et begrenset kystfiske med konvensjonelle redskaper, i områder under norsk fiskerijurisdiksjon, i 2000 fortsatt vil bli forbud mot direkte fiske etter blåkveite. Den norske part opplyste at omfanget av kystfisket vil bli holdt innenfor rammen av det dette fisket tradisjonelt har utgjort.

Den russiske part opplyste at den i 2000 fortsatt vil forby et direkte fiske etter blåkveite for russiske fartøyer.

1.8.2 Uer

Partene drøftet den bekymringsfulle bestandssituasjonen for uer (*Sebastes mentella*), og ble enige om å beholde et strengt reguleringsregime for denne bestanden i 2000. For å opprettholde den vitenskapelige tidsserien i bestands-

overvåkningen av uer (*Sebastes mentella*), vil den russiske part bli gitt adgang til et direkte forsøksfiske på uer (*Sebastes mentella*) i et nærmere avgrenset område i Barentshavet. Den russiske part vil informere om tidspunktet for dette fisket og hvilke fartøyer som vil delta. Resultatene vil i ettertid bli rapportert til ICES.

Den norske part opplyste at en har til vurdering å stenge enkelte bunntrålfelt i Norges økonomiske sone syd for 680N, der det erfaringsmessig er store konsentrasjoner av snabeluer (*Sebastes mentella*).

Kvoter og tekniske reguleringsiltak fremgår av vedleggene 6 og 7.

1.8.3 Haneskjell

Den russiske part har sagt seg enig i å tillate den norske part å drive forsøksfiske etter haneskjell (*Chlamys islandica*) i Russlands økonomiske sone etter nærmere vilkår som vil bli avtalt i begynnelsen av 2000. Et norsk fiske etter haneskjell i Russlands økonomiske sone, avtalt på kommersielle vilkår, vil kunne komme i tillegg til slik fiskeadgang for norske fartøyer.

1.9 Regulering av fisket etter reker i 2000

Partene behandlet utviklingen i fisket og bestandssituasjonen for reker i Barentshavet.

Partene var enige om at forskere fra de to land skal fortsette utvidete undersøkelser av rekebestanden og rekens biologi i Barentshavet. De konstaterter at norske og russiske forskere arbeider med en bestandsvurdering av reker, bl.a. med henblikk på mulig fastsettelse av TAC. Dette arbeidet omfatter torskens predasjon på rekebestanden.

Partene var enige om at det er nødvendig å få forskningen på reke bedre integrert med annen forvaltningsrettet forskning i området.

Fra norsk side pekte en på ønskeligheten av at en også fra russisk side innførte for Russlands økonomiske sone et minstemål på 6 cm for reker (15 mm carapax) og med tillatt innblanding av 10% reker under minstemål i vekt i fangsten, som grunnlag for stengning av områder med for mye rekeyngel.

